



Høgskulen  
på Vestlandet



# Årsrapport

---

2019 - 2020

## Innhald:

Kapittel I Styrets årsmelding .....	3
Kapittel II Introduksjon til verksemda og hovudtal .....	7
Kapittel III Årets aktivitetar og resultat.....	10
Kapittel IV Styring og kontroll i verksemda.....	43
Kapittel V Framtidsutsikter .....	46
Kapittel VI Årsrekneskap .....	57

# Kapittel I Styrets årsmelding

## *Styret si overordna vurdering av 2019*

Høgskulen på Vestlandet vart etablert frå 1.1.2017 og fekk nytt styre 1. august 2019. Styret følger «normalmodellen» for samansetting, og Arvid Hallén held fram som styreleiar. Høgskulestyret skal sitje fram til 31. juli 2023.

Styret har hatt åtte styremøte og handsama 89 saker i sitt tredje år. I tillegg til styremøta har styret hatt tre styreseminar med tema *K2 og Campusutvikling Kronstad* (6.-7. mars 2019), *Styrearbeid ved HVL* (29. august 2019) og *Innføring i økonomi- og verksemdsstyring* (25.-26. september 2019).

### **Strategi 2019-2023**

HVL sin første strategi vart vedtatt i september 2018, for perioden 2019-2023. I november same år kom verksemdsmåla for same periode på plass.

Visjonen til HVL er «Kunnskap som byggjer menneske og samfunn». Det overordna målet er å bli eit universitet med ein tydeleg profesjons- og arbeidslivsretta profil, tufta på verdiane samspel, berekraft og nyskaping. Strategien har i tillegg sju felles faglege satsingsområde som skal styrkje den profesjons- og arbeidslivsretta profilen og vere gjennomgåande perspektiv i utdanning, forskning, formidling og samhandling. Universitetet som vi saman skal arbeide for å bli, skal vere ein viktig skapande faktor i utforminga av det framtidige Vestlandet.

### **Universitetsambisjonen - kvalitetsarbeid**

HVL har eit overordna mål om å bli eit profesjons- og arbeidslivsretta universitet innan 2023, og i 2019 vart universitetsprosjektet starta opp. Prosjektleiar vart tilsett, og arbeidsgruppe, referansegruppe og styringsgruppe vart etablerte, og det er gjennomført informasjons- og dialogmøte på alle fem campusar.

Nye milepålar på vegen mot universitetsstatus er at to nye ph.d.-studium er akkreditert av Nokut i 2019. Ph.d.-studiet *Helse, funksjon og deltaking* starta opp hausten 2019 med 10 kandidatar tatt opp. Ph.d.-studiet *Ansvarleg innovasjon og regional utvikling* fekk tilsegn om akkreditering frå Nokut 6. februar 2019, og studiet har oppstart våren 2020. Begge desse ph.d.-studia har vore delar av langsiktig strategisk prioritering av arbeid med etablering av minst fire egne ph.d.-studiar ved HVL.

Å bli akkreditert som universitet/universitetsakkreditering krev kvalitet i alle ledd. HVL har høge ambisjonar for utdanningskvalitet, FOU-basert utdanning, gode studiemiljø og engasjerte studentar. Kvaliteten i utdanningane ved HVL skal sikrast gjennom systematisk arbeid med forbetring og vidareutvikling. Hovudbiletet i 2019 viser HVL som ein av dei større institusjonane for bachelorutdanningar, med sterk merksemd mot kvalitet i breidda. Det blir lagt ned ein stor innsats i arbeidet med dei tradisjonelle utdanningane, og tala er gode: Helsefagutdanningane kan vise til eit 2019-resultat for kandidattal på 1004, mot eit måltal på 798. Lærarutdanningane har eit resultat på 1 007 mot eit måltal på 895. Bygginga av dei integrerte masterutdanningane innan grunnskulelærarstudiane har vore krevjande. Oppretting av «Vestlandsklassar», studietilbod på tvers av campusar, har vore eit av tiltaka for å møte utfordringane. Samla sett meiner vi at vi meistrar ombygginga av grunnskulelærarutdanningane godt.

I 2019 har HVL hatt eit ekstra fokus på førsteårsstudenten, og tiltak for å sikre at alle får ein så god start som mogleg både sosialt og fagleg. Det er også sett ned ei arbeidsgruppe som skal utarbeide ein eigen handlingsplan for inkluderande læringsmiljø for studentane, som skal

vere klar våren 2020. I 2019 vart det i tillegg utarbeidd ein emneplan for eit felles innføringsemne «Danning og akademisk handverk», som skal starte opp på enkelte studieprogram hausten 2020, og målet er at det på sikt skal bli innarbeidd i alle studieprogramma ved HVL. I november 2019 vart dessutan HVL sin første utdanningskonferanse arrangert, og ei eiga avdeling for utvikling av læring og undervisning vart oppretta tidlegare på hausten.

Styret er nøgd med at HVL oppnår kandidatmåltala på dei fleste utdanningane, og særskild at begge grunnskulelærerutdanningane er over måltala i 2019. Styret er òg nøgd med at stadig fleire av HVL sine studentar reiser ut i verda som del av si utdanning, og at også talet på innkommande studentar aukar. Vidare er det positivt at ein av tendensane frå Studiebarometeret er at forskjellane mellom dei ulike campusane på Høgskulen på Vestlandet har vorte mindre. Samstundes er det viktig at HVL nyttar resultatane i undersøkinga systematisk i kvalitetsarbeidet framover for å gjere forbetringar på dei områda vi ikkje har så gode resultat på.

I løpet av 2019 er det oppnådd fleire store løyvingar frå Norges forskningsråd enn nokon gang, i alt kr 127,2 mill., og det er sendt inn heile 85 prosjektsøknader i 2019. Eit slikt resultat vitnar om styrking av fagleg-/vitskapleg breidde, og dermed meir robuste fag. Det er ein sterk vilje og motivasjon i organisasjonen til å auke den totale forskingsverksemda, og Horisont 2020-tala viser ei forsiktig positiv utvikling både når det gjeld tal på søknader og løyvingar.

Styret er nøgd med dei gode tala, men understrekar òg behovet for ein enda høgare suksessrate i kommande år. Ein auke i den eksternt finansierte verksemda er ein kritisk suksessfaktor for at HVL skal kunne nå sine målsettingar og er særleg viktig for målet om universitetsakkreditering. Styret ser òg positivt både på den vidare auken i prosentdel årsverk førstekompetanse, frå 53 % i 2018 til 56 % i 2019, samstundes som at det framover også er viktig å nå den rette kompetansesamansetnaden blant dei vitskapleg tilsette på studieprogram og fakultet. Styret merkar seg elles den positive trenden dei siste fem åra innan vitskapleg publisering, og understrekar samstundes at målet om universitetsstatus krev ytterlegare opptrapping av publiseringssinnsatsen i åra som kjem.

### **Fem campusar – tre nærregionar – ein organisasjon**

2019 var det første året HVL sin organisasjonsstruktur var komplett. Etter at 2018 var det første ordinære driftsåret for dei fire fakulteta og HVL som fleircampusinstitusjon, vart den administrative strukturen vedtatt i høgskulestyret i mars 2018 og først gjeldande frå 1. januar 2019. I det første ordinære driftsåret for den administrative organiseringa, har fokus vore på å la organisasjonen setje seg og få til velfungerande samarbeidskulturar på tvers av campusar og einingar. Samstundes har ein omfattande og systematisk leiarutviklingsprosess vore iverksett i heile organisasjonen.

NIFU la fram sin endelege rapport frå si følgeevaluering av fusjonen, med oppsummerande funn og anbefalingar, medio februar 2020. Rapporten peikar på ein organisasjon sliten av endringar og har som viktigaste anbefaling å finne gode samarbeidsrelasjonar innan eksisterande struktur og å ikkje gjennomføre store organisatoriske endringar i næraste framtid. NIFU-rapporten oppmodar også til å jobbe aktivt med å ta tid til å snakke ordentleg saman, å bruke tid på kulturarbeid og skape ein felles HVL-identitet og å sikre at dei lokale studiestadene tar vare på sine særpreg og styrkar.

Styret er merksam på utfordringane organisasjonen står overfor, og er opptatt av at organisasjonsstrukturen får nok tid til å setje seg samtidig som justeringar kan gjerast når ein ser behov for dette. Styret vil følge tett administrasjonen si oppfølging av anbefalingane i NIFU-rapporten. Parallelt ser styret òg positivt på prosessen rundt campusutvikling som no er i kjømda med campusutviklingsprosjektet, der målet er å utvikle strategiar og identifisere tiltak for å vidareutvikle campusane som attraktive studiestader; ein tematikk som også er sær relevant for HVL si sentrale rolle på og for Vestlandet.

## **Samspel – berekraft - nyskaping**

HVL sine campusar har sentrale posisjonar i sine nærregionar og har eit utstrekt samarbeid med klynger og nettverk på heile Vestlandet. Hausten 2019 starta HVL arbeidet med å etablere ein samhandlingsportal for å lette arbeidet med å følge opp samarbeidsavtaler, praksisavtaler, kundar og nettverk.

Kompetanseforum Vestland er samarbeidsorganet for kompetansearbeid i regionen, koordinert av fylkeskommunen. Dette er vårt råd for samarbeid med arbeidslivet i det nye storfylket, der leiarane ved Universitetet i Bergen, Norges Handelshøyskole, Fagskolen i Hordaland, Opplæringsdirektøren i Vestland fylkeskommune, saman med partane i arbeidslivet representert ved NHO, LO og KS, og NAV og Helse Vest, møtast. For å få på plass ein strategisk møteplass med arbeids- og samfunnsliv også rundt campus Haugesund, etablerer HVL Kompetanseforum Nord-Rogaland.

For å styrkje samarbeidet med vertskommunane har ein i 2019 gjennomført møte med kommunane HVL har campusar i. I vertskommunemøta er målet å styrkje og gjere studiestadene enda meir attraktive for noverande og framtidige studentar, og vi vil i løpet av våren 2020 invitere alle vertskommunane saman til vertskommuneforum.

I løpet av 2019 kom HVL sin råd- og utvalsstruktur på plass med mellom anna fakultetsråd og studieprogramråd knytt til alle studieprogramma. Da alle desse har eksterne medlemmar, inneber det ei betydeleg samhandling med samfunns- og arbeidsliv. Dette er i høg grad strategisk med tanke på utvikling av nye studietilbod, vidareutvikling og fornying av eksisterande studieportefølje, og for å finne relevante samarbeidspunkt i forskning og utdanning.

HVL satsar breitt på ansvarleg innovasjon og entreprenørskap og berekraftig omstilling. Studenttilbodet HVL Skape vart lansert 30. oktober 2019 og strekk seg utover det som skjer i fag og emne. Mohnsenteret og fagmiljø frå fleire fakultet er involvert i arbeidet, med fokus på studentar som pådrivarar for nyskaping og berekraft. HVL fokuserer både på innovasjon og berekraft som har med dei store samfunnsutfordringane å gjere og på berekraft i det daglege, både innan utdanning og forskning, bygg, innkjøp og avfallshandtering.

Styret er nøgd med at HVL er bevisst si regionale og lokale rolle og at fokuset er sterkt og klart på berekraftig omstilling og ansvarleg innovasjon. Samstundes har styret store forventningar til ytterlegare samhandling med omverda. Styret er særskild klart på behovet for at HVL tar ei enda meir ambisiøs tilnærming til arbeidet med å tilby relevante vidareutdanningar både regionalt og nasjonalt.

## **Viktige prioriteringar i 2020**

I strategien til HVL er det vedtatt fire innsatsområde for perioden, som krev særskild merksemd for at vi skal kunne nå måla våre. Desse innsatsområda er:

- Kompetansebygging
- Organisasjonsutvikling og samhandling
- Internasjonalisering
- Digitalisering

Dei strategiske midla i 2020-budsjettet er i hovudsak tildelt til tiltak innanfor kompetanseheving og digitalisering.

Styret er samstundes opptatt av at HVL må arbeide for eit betre økonomisk handlingsrom til å realisere gevinstane og potensialet som ligg i innsatsområda. For å oppnå det må ein sikre god studentrekruttering på både bachelor, master og ph.d.-utdanningar, god gjennomstrøyming og høg forskingsproduksjon og auke i dei eksterne inntektene, slik at inntektsgrunlaget blir godt.

I 2020 vil styret ha særskild merksemd på:

Utdanningskvalitet;

- studentrekruttering og gjennomstrøyming på alle nivå
- vidare samordning av utdanningar på tvers av campusar


Institusjonsbygging;

- campusutvikling
- deltaking, medverknad og arbeidsmiljø
- berekraft, ansvarleg innovasjon og omstilling
- digitalisering både i administrasjon og fagleg verksemd
- oppfølging av universitetsprosjektet og internasjonaliseringsprosjektet
- kompetanseheving for å løfte fleire til førstestillingar og professor-/dosentstillingar

Regional utvikling;

- vidare utvikling av den regionale rolla til HVL
- eksternt finansiert forskning i samarbeid med samfunns-, næringsliv og offentleg sektor

Stord 11.03.2020



Arvid Hallén (styreleiar)



Aina Berg

Arvid Andenæs (for Trond Ueland)


Hege Økland



Gunnar Yttri

Tina Åsgård

Ragnar Gjengedal



Kristin Ådnøy Eriksen

Tone Skjerdal

Cecilie Fredheim



Thomas Reite

## Kapittel II Introduksjon til verksemda og hovudtal

Høgskulen på Vestlandet (HVL) vart etablert 1. januar 2017, da Høgskolen i Bergen, Høgskulen i Sogn og Fjordane og Høgskolen Stord/Haugesund fusjonerte. HVL har i underkant av 16 600 studentar og nærare 1 720 årsverk.

### *Departementstilhøyring, tilknytingsform og samfunnsoppdrag*

HVL er underlagt Kunnskapsdepartementet (KD) og er eit forvaltningsorgan med særskilde fullmakter.

Samfunnsoppdraget vårt er å leggje til rette for at alle deltar i arbeids- og samfunnslivet, alle har den kompetansen dei sjølve og samfunnet treng, og samfunnet har tilgang til oppdatert kunnskap av høg kvalitet. I tildelingsbrevet for 2019 konkretiserer KD korleis HVL skal løyse samfunnsoppdraget, gjennom mål og forventningar. Det var i tillegg presisert at statlege universitet og høgskular sjølve skal fastsetje egne verksemdsmål og relevante styringsparameter som viser til institusjonen sin profil og utviklingsstrategi.

I 2018 vedtok høgskulestyret ein overordna strategi for HVL for perioden 2019-2023. I tillegg har det vorte utarbeidd egne verksemdsmål, samt at fakulteta har vedtatt egne fakultetsstrategiar som byggjer opp under HVL-strategien.

HVL har eit overordna mål om å bli eit profesjons- og arbeidslivsretta universitet innan 2023. Vegval, verdiar, satsingsområde og mål i strategien peikar mot at HVL i utdanning, forskning og utviklingsarbeid skal skape ny kunnskap og kompetanse, forankra internasjonalt og omsett til løysingar som verkar lokalt.

Med fem campusar fordelt på store delar av vestlandet og eit breitt spekter av yrkesnære utdanningar på både bachelor-, master- og ph.d.-nivå, samt eit uttalt ønske om å vere ein pådrivar i utviklinga av vestlandsregionen, har verksemda gode føresetnader for å vere ein betydeleg bidragsytar til dei overordna sektormåla.

### *Lokalisering, toppleing og overordna organisasjonsstruktur*

#### **Lokalisering**

HVL er organisert i fire fakultet og har undervisning og FoU-verksemd på fem campusar i tre nærregionar. Dei fem campusane er Førde, Sogndal, Bergen, Stord og Haugesund, medan dei tre nærregionane er Sogn og Fjordane, Bergen og Stord/Haugesund.

Dei fire fakulteta er:

- Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett (FLKI): Ca. 6 685 studentar på campus Sogndal, Bergen og Stord
- Fakultet for helse- og sosialvitskap (FHS): Ca. 4 720 studentar på campus Førde, Sogndal, Bergen, Stord og Haugesund

#### **Hovudtal HVL 2019:**

Årsverk: 1 716

Registrerte studentar: 16 590

Totale driftsinntekter:

Kr 2 252 686 000

Total tildeling frå KD og andre departement: kr 1 996 574 000



- Fakultet for ingeniør- og naturvitenskap (FIN): Ca. 3 050 studentar på campus Førde, Sogndal, Bergen, Stord og Haugesund
- Fakultet for økonomi og samfunnsvitenskap (FØS): Ca. 2 135 studentar på campus Sogndal, Bergen og Haugesund.

Alle fakulteta har store profesjonsutdanningar, til dømes lærarutdanningar, sjukepleiarutdanningar, sosialfaglege utdanningar, ingeniørutdanningar og økonomisk-administrative utdanningar, og har dessutan tilbod på både bachelor- og masternivå. I tillegg har tre fakultet (FHS, FIN og FLKI) egne ph.d.-program, medan eitt fakultet (FØS) er vertsfakultet for ein felles ph.d.-grad for HVL i tillegg til at dei deltar i ein felles ph.d.-grad med andre institusjonar.

På DBH sine nettsider finn ein eit breitt spekter av statistikk og anna informasjon knytt til HVL.


### Toppleiing

Styret er det høgste avgjerande organet ved Høgskulen på Vestlandet. Høgskulestyret har ansvar for at all verksemd held høg kvalitet og skal sikre effektiv drift i samsvar med dei lovar og reglar, rammer og mål som sentrale styremakter har laga. HVL fekk nytt styre frå 1. august 2019, og det har 11 medlemmar. Styreleiar og tre andre styremedlemmar er eksterne medlemmar peika ut av KD.

HVL har tilsett rektor som har det øvste faglege og administrative ansvaret. I strategisk leiargruppe sit rektor, tre prorektorar, to direktørar og fire dekanar.

### Overordna organisasjonskart


Fakultetsstrukturen har vore verksam frå 1.1.2018, men frå 1.8.2019 vart talet på institutt ved Fakultet for ingeniør- og naturvitenskap redusert frå sju til fem.





## Fellesadministrasjonen

Fellesadministrasjonen har vore verksam frå 1.1.2019, men i løpet av 2019 vart Avdeling for utvikling av undervisning og læring oppretta. Senter for nye medier vart flytta frå linja til prorektor for samhandling til den nye avdelinga, som ligg i linja til prorektor for utdanning.



**Høgskulestyret:** Det nye styret ved Høgskulen på Vestlandet på styremøte i Haugesund 28. november 2019. Styret sitter frå 2019 til 2023. (Foto: Terje Rudi, HVL)

## Kapittel III Årets aktiviteter og resultat

HVL har ein strategi med tilhøyrande verksemdsmål og arbeider for å nå både eigne mål og sektormåla. I årsplanen for 2020 har vi ein struktur som set HVL sine verksemdsmål saman med sektormål og utviklingsavtala til målbilete. Målbileta er sortert inn under fire strategiområde; danne og utdanne høgt kompetente kandidatar til det beste for samfunnet, drive forskning, utviklingsarbeid og innovasjon av høg internasjonal kvalitet, formidle og dele aktuell kunnskap og kompetanse og bygging av institusjonen.

Vi har valt å rapportere etter denne strukturen i årsplanen, for å innrette resultatrapporteringa strategisk og samtidig dekkje behovet for styringsinformasjon om prioriteringar, ressursbruk, resultat og i kva grad HVL når sine mål. Vi startar med dei overordna strategiske måla og går deretter gjennom strategiområde for strategiområde.

### *Overordna strategiske mål*

1. Høgskulen på Vestlandet skal bli eit universitetet med ein tydeleg profesjons- og arbeidslivsretta profil tufta på samspel, berekraft og nyskaping

HVL har eit overordna mål om å bli eit profesjons- og arbeidslivsretta universitet innan 2023, og i 2019 vart prosjektet starta opp. Prosjektleiart vart tilsett, og arbeidsgruppe, referansegruppe og styringsgruppe etablert. Ei første kartlegging av status på korleis HVL ligg an i forhold til krava for universitetsakkreditering er gjennomført, og det er gjennomført informasjons- og dialogmøte på alle fem campusar. Universitetsambisjonen krev kvalitet i alle ledd. HVL har høge ambisjonar for utdanningskvalitet, FoU-basert utdanning, gode studiemiljø og engasjerte studentar, i tillegg til høge ambisjonar knytt til kvalitet og omfang av forskning. Kvaliteten i utdanningane ved HVL skal sikrast gjennom systematisk arbeid med forbedring og vidareutvikling, og i 2019 har høgskulen arbeidd vidare med å få på plass eit felles system for systematisk arbeid med kvalitet i utdanningane.

2. Dei felles faglege satsingsområda skal styrkje den profesjons- og arbeidslivsretta profilen og vere gjennomgåande perspektiv i utdanning, forskning, formidling og samhandling. Dei felles faglege satsingsområda er:

- Ansvarleg innovasjon
- Berekraftig utvikling
- Danning
- Folkehelse
- Profesjons- og arbeidslivsretting
- Sikkerheit
- Teknologi.



**Nytt ph.d.-program godkjent:** HVL fekk sitt fjerde doktorgradsprogram i eigen regi, da Nokut godkjente programmet «Ansvarleg innovasjon og regional utvikling» i oktober 2019. På biletet: Professor Mai Camilla Munkejord, Institutt for økonomi og administrasjon, og professor Stig Erik Jakobsen, Mohnsenteret. (Foto: Elise Løvereide, HVL)

## Strategiområde 1: Danne og utdanne høgt kompetente kandidatar til det beste for samfunnet

### Målbilete

Dei ønska brukar- og samfunnseffektane innanfor dette området er at:

- Alle deltar i arbeids- og samfunnsliv.
- Alle har den kompetansen dei sjølve og samfunnet treng.

Vidare er dei ønska resultata for å skape desse effektane:

- Høg kvalitet i utdanninga.
- Utdanning for velferd, verdiskaping og omstilling.
- God tilgang til utdanning.

For at HVL skal nå resultatmåla, har vi arbeidd etter to verksemdsmål, som er utleidd av HVL-strategien og tre mål i utviklingsavtala. Vi har valt å gjere greie for aktivitetar og resultat samla, under desse fem delmåla.

### HVL verksemdsmål:

1. HVL skal vere kjend for å ha studentar som trivst og lukkast.
2. HVL utdannar kritisk reflekterte kandidatar som er attraktive for arbeids- og samfunnsliv regionalt, nasjonalt og internasjonalt.

### Relevante mål for HVL i utviklingsavtala med KD:

3. HVL skal utvikle framtidsretta, varierte og studentaktive lærings- og vurderingsformer for å heve kvaliteten på utdanningane og gjere relevant kunnskap tilgjengeleg for samfunnsliv, næringsliv og offentleg sektor.
4. HVL skal gjere profesjons- og arbeidslivsretta kunnskap tilgjengeleg for fleire i eit livslangt læringsperspektiv og skal aktivt trekkje studentane inn i samarbeidet med forskings- og arbeidsliv på Vestlandet gjennom studentoppgåver.
5. HVL skal samarbeide med Universitetet i Bergen (UiB) om lærarutdanning ved å tilby fag til kvarandre der institusjonane har komplementær kompetanse. Samarbeid om FoU og vidareutdanning skal utviklast vidare.

## Oppnådde resultat på nasjonale styringsparameter og måleparameter i utviklingsavtala:

<b>Relevante nasjonale styringsparameter:</b>	<b>Resultat 2018</b>	<b>Resultat 2019</b>
Prosentdel studentar på bachelorutdanning som gjennomfører på normert tid	58,2 %	57,94 %
Prosentdel studentar på masterutdanning som gjennomfører på normert tid	65,13 %	55,49 %
Fagleg tidsbruk (timar) per uke blant heiltidsstudentar	32,74	32,88
Skår på korleis studentane oppfattar studiekvaliteten	3,98	3,93
Tal på studiepoeng per fagleg årsverk	579,56	569,01
Prosentdel utreisande utvekslingsstudentar på Erasmus+ av alle studentar	0,64 %	0,65 %
Kandidatmåltal på helse- og lærarutdanningar	1898 <sup>1</sup>	2011

Tabell 1: Nasjonale styringsparameter strategiområde 1

<sup>1</sup> Dette talet er endra på DBH sine sider sidan forrige årsrapport. Da var talet for 2018 1 885.

<b>Relevante måleparameter/milepålar i utviklingsavtala:</b>	<b>Resultat 2018</b>	<b>Resultat 2019</b>
Talet på vurderingsordningar med digitale løysingar	51,5 % <sup>2</sup>	55,6 %
Talet på tilsette med formell pedagogisk basiskompetanse		Sjå s.47
Talet på nettstøtta utdanningar	13 (400 studentar)	13 (475 studentar)
Talet på bachelor- og masteroppgåver i samarbeid med arbeidslivet	-	438 <sup>3</sup>
Arbeid og framdrift i etablert samarbeidsorgan mellom HVL og UiB	-	Sjå s. 19

Tabell 2: Måleparameter utviklingsavtala strategiområde 1

## Oppsummering av i kva grad HVL har nådd sine mål

### Studentar som trivst og lukkast

#### Satsing på førsteårsstudenten

I 2019 har HVL hatt eit ekstra fokus på førsteårsstudenten og tiltak for å sikre at alle får ein så god start som mogleg både sosialt og fagleg. Vi samarbeider med studentsamskipnaden om fleire tiltak, så som «God start»-programmet ved studiestart med mellom anna tilbod om kurs i studieteknikk og studiemeistring. På campus Stord har dei prøvd ut konseptet «Shot-dagen» for alle førsteårsstudentar. Her er det tatt utgangspunkt i Shot-undersøkinga (studentane si helse- og trivselundersøking) og valt ut viktige tema innan helse og trivsel. Stord/Haugesund har utvikla eit nettbasert kurs om eksamensmeistring i samarbeid med Saman region sør. Dette blir vidareført som eit tilbod til alle HVL-studentar i 2020. Det er også sett ned ei arbeidsgruppe som skal utarbeide ein eigen handlingsplan for inkluderande læringsmiljø, som skal vere klar våren 2020.

HVL har ikkje sett i gang eit eige mentor-prosjekt i 2019. Vi har valt å ha ekstra merksemd på fadderordninga og god opplæring av fadrane som tar i mot dei nye studentane ved studiestart. I 2019 vart det i tillegg utarbeidd ein emneplan for eit felles innføringsemne «Danning og akademisk handverk», som skal starte opp på enkelte studieprogram hausten 2020. Målet er at det på sikt skal bli innarbeidd i alle studieprogramma ved HVL, på tvers av alle campusane. Innføringsemnet skal også bidra til gi studentane grunnleggande ferdigheiter som gjer dei betre rusta til å lukkast med vidare utdanning, slik som studieteknikk, akademisk skriving, metode, vitenskapsteori, etikk, informasjonskompetanse, samarbeid og kommunikasjon. Det faglege innhaldet i emnet skal ha nokon grunnleggande felleselement på tvers av utdanningane, mellom anna fokus på FN sine berekraftsmål. Desse skal operasjonaliseras og tilpassast dei ulike utdanningane. Fellesemnet blir i første omgang lansert for ni fag på tre fakultet hausten 2020.

#### Informasjon og medverknad

Resultata frå Studiebarometeret 2018 viste at studentane generelt var nøgde med studiekvaliteten men misnøgde med informasjonsflyt og medverknad i HVL. Det vart derfor gjennomført fleire tiltak for å betre denne, mellom anna eigne nettsider med informasjon om kva kanalar studentar har for medverknad og ei kampanjeveke for å synleggjere varslingsystemet «Sei ifrå». Systemet er tatt i bruk, og høgskulen får jamlege meldingar om ting som bør forberast både gjennom «Sei-ifrå» og dei andre ordningane i kvalitetssystemet. I 2019 har det også vore gjort mykje arbeid rundt evaluering og vidareutvikling av Canvas, både som informasjonskanal og læringsplattform.

Resultata i Studiebarometeret 2019 viser likevel at høgskulen framleis har eit stykke å gå på desse områda. På den samla skåren på korleis studentane oppfattar studiekvalitet, har

<sup>2</sup> Uttrekket er gjort annleis i samband med Årsrapport 2019 enn året før, derfor er ikkje 2018-talet det same som vart rapportert i Årsrapport 2018. Resultat 2018 og 2019 er her samanliknbare. Vi finn det mest tenleg å omtale prosentdel heller enn tal.

<sup>3</sup> Registreringssystem under utvikling. I 2019 var det berre om lag 70 % av eksamenskandidatane som kunne registrere eit eventuelt samarbeid.

resultata hatt ein marginal nedgang, frå 3,98 til 3,93. Resultata frå Studiebarometeret blir først og fremst følgt opp i kvalitetsarbeidet på studieprogramnivå, men gir viktige signal på kva HVL som institusjon må ha særskild merksemd på. Medverknad og informasjonsflyt vil derfor halde fram med å vere sentrale område å jobbe med i 2020, mellom anna med eit eige prosjekt om studentkommunikasjon.

## **Utdanning av attraktive kandidatar**

### Studentrekruttering

HVL vedtok ein felles overordna studentrekrutteringsstrategi for 2019-2023 i 2019. Her blir det lagt vekt på at prioriteringar i rekrutteringsarbeidet skal gjerast ut frå vurderingar av situasjonen ved dei ulike campusane, populariteten til dei enkelte studietilboda og om nokre studium på det aktuelle tidspunktet blir rekna som strategisk viktigare enn andre. Desse prioriteringane vil kunne endre seg frå år til år. I tillegg vart det gjennomført ei studentrekrutteringsundersøking hausten 2019 som gav mykje god informasjon om kva som er viktig for dei nye studentane når dei skal gjere sine val.

### Fagleg tidsbruk, gjennomstrøyming og studiepoengproduksjon

På institusjonsnivå har studentane sin eigenrapportering på fagleg tidsbruk auka litt i 2019 samanlikna med 2018, men her er det til dels store variasjonar mellom dei ulike studieprogramma. Til dømes ligg framleis resultata til grunnskulelærarutdanningane noko under det nasjonale snittet. Når det gjeld organiserte aktivitetar, ser vi at det er såpass store variasjonar både mellom campusar og kulla at vi ser det er ein del feilkjelder i talgrunnlaget. Fakultetet har likevel stort fokus og merksemd knytt til å synleggjere samanhengen mellom tidsbruk, fagleg utbytte og resultat hos studentane.

Når det gjeld gjennomføringsgrad er HVL framleis godt over det nasjonale snittet både på bachelor- og masternivå. Prosentdelen bachelorstudentar som gjennomfører på normert tid held seg rimeleg stabil, medan det har vore ein kraftig nedgang på masterstudia. Dette skuldast truleg at studentar på deltidsutdanningar på master blir rekna med, sjølv om dei har normert tid på meir enn to år.

Studiepoeng per student ved HVL var 43,12. Dette er ein liten nedgang samanlikna med åra før, som såleis følger det som ser ut som ein nasjonal trend. Samtidig er HVL godt over det nasjonale snittet for universitet og høgskular. HVL har i perioden 2016-2018 fått tildelt nye studieplassar til IKT og til havteknologi. Studiepoengproduksjonen ved Fakultet for ingeniør- og naturvitskap har ikkje vakse tilsvarande tildelinga av studieplassar. Vi har hatt god vekst i både opptak til og studiepoengproduksjon ved IKT-studia, men i same periode har vi ikkje greidd å rekruttere godt nok til andre utdanningar ved fakultetet. Derfor er ikkje veksten i studiepoengproduksjon så stor som auken i studieplassar skulle tilsei. Her jobbast det med fleire rekrutteringstiltak, i eit tett samarbeid med samfunns – og næringslivet.

### Kandidatproduksjon

Vi oppnår kandidatmåltala på dei fleste utdanningane og har overoppfylling på utdanningar som sjukepleie, vernepleie og barnehagelærer.

Begge grunnskulelærarutdanningane er over måltala i 2019. Grunnskulelærer 1-7 har slite med rekrutteringa på nasjonalt nivå i fleire år, og HVL har størst utfordringar med rekrutteringa til campusane Stord og Sogndal. HVL fekk derfor ein million kr. i 2019 til ekstra tiltak for å auke rekrutteringa til GLU 1-7, særleg menn og personar med anna kulturell bakgrunn. Den ekstra GLU-millionen vart i fjor vår nytta til å lage rekrutteringsfilmar for HVL og for kvar studiestad. Meir langsiktige tiltak er jamn dialog med samarbeidspartnarar i kommunar og rådgivarar på skular om betydninga av at dei har fokus på behovet for lærarar i småskulen og kor kjekt det kan vere å arbeide der.

For å auke rekrutteringa studieåret 2020/21, søkte HVL om eit forsøk med matematikk som valfritt fag i utdanninga. I ordinær studiemodell har GLU 1-7, i tillegg til pedagogikk og

elevkunnskap (PEL), både norsk og matematikk som obligatoriske fag, medan GLU 5-10 ikkje har obligatoriske fag utover PEL. Søknaden vart avslått.

	<b>Måltal 2019</b>	<b>Resultat 2019</b>	<b>Avvik</b>
<b>Helsefagutdanningane</b>	<b>798</b>	<b>1004</b>	<b>206</b>
ABIOK	60	121	61
Bioingeniør	39	48	9
Teiknspråk og tolking	20	9	-11
Ergoterapi	30	41	11
Fysioterapi	68	71	3
Jordmor	35	36	1
Radiograf	25	32	7
Sjuepleie	435	526	91
Vernepleie	86	120	34
<b>Lærarutdanningane</b>	<b>895</b>	<b>1 007</b>	<b>112</b>
Barnehagelærer	248	330	82
GLU 1-7	186	196	10
GLU 5-10	137	192	55
PPU og PPU-Y	276	258	-18
Faglærerutdanning	48	31	-17
<b>Totalt</b>	<b>1 693</b>	<b>2011</b>	<b>318</b>

Tabell 3: Kandidattal på helse- og lærarutdanningane.

Vi har framleis utfordringar med å nå kandidatmåltala på teiknspråk og tolking og faglærerutdanning musikk, og det blir gjennomført ei rekkje tiltak for å betre både rekrutteringa og gjennomstrøyminga her.

#### Teiknspråk og tolking

Fagmiljøet for teiknspråk og tolking fekk gjennomstrøymingsmiddel studieåret 2018/19 og har brukt desse til å leggje betre til rette for rettleia praktisk øving. Det er utvikla eit digitalt verktøy studentane kan bruke for å øve sjølve, og det er innført arbeidskrav og testar som krev meir individuell øving. I tillegg har ein opna opp for at døve studentar får opptak til programmet, noko som gjer at studentane i større grad må nytte seg av teiknspråk når dei kommuniserer.

Samtidig har programmet gjort organisatoriske endringar med verknad f.o.m. hausten 2020, der andre året i utdanninga, der fråfallet definitivt er størst, blir gjort om frå eit emne på 60 studiepoeng til fleire mindre emne. Studieleiinga arbeider også med å få meir felles forståing med praksisfeltet om kva som skal til for å få «bestått» praksisperiode. Det viser seg å vere store sprik i krava ulike praksisfelt stiller. Denne problemstillinga blir diskutert på nasjonalt nivå.

#### Faglærerutdanning

Høgskulen har to 3-årige faglærerutdanningar. Faglærerutdanning i kroppsøving i Bergen har 32 studieplassar og ikkje problem med å fylle desse. Faglærerutdanning i musikk på Stord hadde 20 studieplassar ved inngang til fusjonen. Studiet hadde nulloptak i 2017 og 2018 pga. svak rekruttering. Frå studieåret 2019/20 vart det gjennomført eit rekrutteringstiltak ved å flytte 10 av studieplassane til Bergen og skape eit samarbeid mellom fagmiljøa på Stord og i Bergen om å drive studiet. Det er no 17 studentar på faglærerutdanninga i musikk. Fråfallet/gjennomstrøyminga ligg på normalt nivå, så det er først og fremst rekrutteringa som er utfordrande. Det er viktig å sjå dei to utdanningane i lys av den kommande femårige lærarutdanninga i praktiske og estetiske fag, som tidlegast kan

starte opp hausten 2021. I studieporteføljeprosessen ved fakultetet har det vore ein delprosess knytt til faglærerutdanningane. Der kjem det fram ei interesse for å starte opp ei femårig utdanning i kroppsøving og ei i musikk. For organiseringa sin del, vil det vere mogleg å få til ei samkøyring mellom fag i GLU og faglærerutdanninga.

### Internasjonalisering og studentmobilitet

Internasjonalisering er eit sentralt bidrag til kvalitetsutviklinga i utdanningane, og internasjonalt samarbeid gir viktig kompetanse og ferdigheiter som studentar får med seg ut i arbeidslivet. Dei mest populære reisemåla for HVL-studentar har vore utanfor Europa, og hausten 2019 gjennomførte HVL fleire tiltak for å auke studentmobiliteten i Erasmus+. Alle var direkte knytt til Erasmus+ Digitaliserings- og promoteringsprosjektet som er del av Internasjonaliseringsprosjektet. Nettsidene er oppgradert for å synleggjere Erasmus+ i større grad enn tidlegare. Det er arbeidd med å bli meir synlege i sosiale medium (særleg Instagram), særleg på utveksling gjennom Erasmus+. I tillegg til at høgskulen legg ut informasjon og inspirasjon på Instagram, får også studentar på utveksling tilgang til kontoen. Ved å overta kontoen for nokre dagar viser dei korleis dei har det på utveksling, for slik vonleg å inspirere fleire studentar til å velje Europa når dei skal på utveksling. Det har vore informasjonsmøte på kvar campus, der Erasmus-utveksling vart løfta fram. Arbeidet med å forenkle delar av utvekslingsprosessen er komme godt i gang, og fleire skjema er no digitalisert. I tillegg er det laga ein informasjonsvideo om korleis studentane søker om utveksling i SøknadsWeb.

Tiltaka som er gjort med studentmobilitet har gitt ein auke frå 377 utreisande studentar i 2018 til 410 i 2019 (sjå tabell under). Det har også vore ein liten auke i Erasmus+-studentar, frå 91 i 2018 til 95 i 2019. Delen av utreisande studentar på Erasmus+ av det totale talet på studentar (del registrerte eigenfinansierte studentar) var i 2019 0,65 %. Sjølv om auken ikkje er så stor, ser vi ein positiv trend og jobbar for ein større vekst gjennom Internasjonaliseringsprosjektet. Vi vil fortsetje å ha fokus på dette også i 2020 gjennom fleire tiltak i Erasmus + Digitaliserings- og promoteringsprosjektet.

	UT			INN		
	2017	2018	2019	2017	2018	2019
Erasmus+	79 (0,55)	91 (0,64)	95 (0,65)	233	195	215
Andre program	263	286	315	44	45	45
<b>Totalt HVL</b>	<b>342</b>	<b>377</b>	<b>410</b>	<b>277</b>	<b>240</b>	<b>260</b>

Tabell 4: Studentmobilitet over 3 mnd. Kjelde: DBH (avrunda tal)

Når det gjeld studentmobilitet av kortare varigheit (1-3 mnd), hadde HVL i 2019 12 utreisande studentar gjennom Erasmus+ og 151 utreisande studentar på andre program. Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett hadde flest utreisande studentar med totalt 263, fordelt på 140 med opphald på over tre månader og 123 med opphald på 1-3 månader. Dei kortare utvekslingsopphalda er knytt til praksisstudia i grunnskulelærerutdanninga og barnehagelærerutdanninga.

Talet på innkommande studentar har auka frå 2018, og det er innanfor Erasmus-programmet vi finn auken. Heile 82,6 % av dei innkommande studentane var Erasmus-studentar. Dei tre landa som ligg på topp i tilreisande studentar var Spania, Tyskland og Nederland. Det var Fakultet for ingeniør- og naturvitskap som tok imot flest studentar i 2019, totalt 100. Fleire tilbod til internasjonale studentar er etablert, og vil ta i mot studentar frå hausten 2020, til dømes på masterprogrammet Healthy Ageing and Rehabilitation.

## **Satsing på kvalitet og utvikling av læring og vurdering**

Den første utdanningskvalitetskonferansen til HVL vart arrangert i november. Konferansen vart arrangert i fellesskap mellom representantar frå Utdanningsutvalet og Læringsmiljøutvalet ved HVL. Tema for konferansen var digital læring, utdanningskvalitet og læringsmiljø. Arrangementet var delt inn i ein fellesdel med videokonferanse på tvers av alle fem campusar, før ein gjekk i grupper på kvar campus for å diskutere problemstillingar knytt til temaet.

HVL sin første pris for utdanningskvalitet vart delt ut på konferansen. Blant nærare 90 nominerte, gjekk prisen til Katrine Aaseskjær i fagseksjonen for «Master i jordmorfag og helsesjukepleier» ved Institutt for helse og omsorgsvitenskap. Katrine fekk prisen for sitt arbeid med å utvikle varierte og praksisnære undervisningsformer og for å vere ein foregangsperson på digital kommunikasjon. Prisen består av ei tildeling på 75 000 kr til vidare utvikling av tiltak som fremjar kvalitet i undervisning og læringsarbeid.



I 2019 oppretta vi ei eiga avdeling for utvikling av læring og undervisning. Denne skal jobbe med ulike sider av det studietilsynsforskrifta kallar utdanningsfagleg kompetanse, med vekt på vidareutvikling av pedagogisk, fagdidaktisk og digital kompetanse i fagmiljøa. Avdelinga skal leggje til rette for erfaringsdeling og kunnskapsutvikling og mellom anna komme med innspel til emnedesign og innføring av meir varierte og studentaktive arbeids- og vurderingsformer.


HVL har i 2019 også jobba med å leggje til rette for ein kompetanseportal, der ein mellom anna kan registrere den pedagogiske basiskompetansen blant dei fagtilsette. Dette er nærare omtalt i kapittel V.

### Digital vurdering

Skriftleg skuleeksamen er framleis den mest utbreidde vurderingsforma ved HVL og utgjør nesten ein tredel av alle eksamenar. Alle fakultet har innslag av andre typar vurderingsformer i tillegg, der munnleg eksamen og praksis er dei mest vanlege ikkje-skriftlege. Det blir nytta digital innlevering på alle skriftlege innleveringar som mappe-, oppgåve og heimeeksamen,



og det er berre den tradisjonelle skuleeksamenen som framleis har nokre innleveringar på papir. Med unntak av realfagsutdanningane har dei fleste utdanningar ei klar hovudvekt av digitale skriftlege skuleeksamenar, og HVL har hatt ein klar auke i bruken i 2019 samanlikna med 2018.



Tabell 5 – utvikling i %digitale skriftlege skuleeksamenar<sup>4</sup>

### Livslang læring og tilgang på utdanning

Livslang læring er ei viktig satsing for HVL, og høgskulen har ein ambisjon om å styrkje responsen på behov i arbeidslivet i dette perspektivet både for grunnutdanningane og etter- og vidareutdanningane. I november 2019 behandla styret ved HVL ein rapport som omhandla både status på området knytt til livslang læring og ein plan for vidare arbeid innanfor dette feltet.

HVL tilbyr fleire studieprogram på deltid, i tillegg til utdanningar som er desentraliserte og nettbaserte, med høvesvis 400 og 475 studentar i 2019<sup>4</sup>. Lærarutdanningar og sjukepleieutdanninga utgjer den største gruppa her, der fleire av tilboda er oppretta etter innmelde behov frå arbeidslivet i regionen. Dei største programma i 2019 var desentralisert sjukepleie, rektorutdanning og yrkesfaglærarløftet. I 2019 var det 13 ulike studieprogram som var nettbaserte. Det har ikkje komme nye tilbod, men det har vore ein auke i tal studentar samanlikna med 2018. Av reine nettbaserte tilbod, er arbeidsplassbasert barnehageutdanning og dei nettbaserte tilboda i norsk og matematikk for lærarar dei største programma.

Styret vedtok modell for utvikling av studieporteføljen 2019-23 i møtet 9. mai 2019. Studieporteføljen skal vurderast utifrå kriteria strategisk betydning, etterspurnad, fagleg berekraft og økonomisk berekraft. Modellen har fleire formål. Den skal nyttast i det årlege arbeidet med studieporteføljeutvikling, som munnar ut i årlege styrevedtak i november om den samla studieporteføljen med opptaksrammer for påfølgjande studieår. Vidare skal modellen danne grunnlag for den periodiske evalueringa av den samla porteføljen, som er planlagt lagt fram for styret våren 2021.

I 2019 vart det jobba mykje med samordning av studieprogram på fleire av fakulteta. På Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett begynte studentane på barnehagelærer og PPU på samordna studieprogram på tvers av campusane Sogndal, Bergen og Stord hausten 2019. Fakultet for helse og sosialvitskap og Fakultet for ingeniør og naturvitskap har hatt mange store prosjekt både med samordning av studieprogram og innføring av ny forskrift om

<sup>4</sup> Tal frå DBH – registrerte studentar desentralisert og nettbasert undervisning

rammeplan og nasjonale retningslinjer for helse- og sosialfaga. Representantar frå praksis- og arbeidsfeltet har hatt høve til å gi innspel til utdanningane både gjennom deltaking i prosjektgrupper og i studieprogramråd. Alle studieplanane er godkjente av Utdanningsutvalet ved HVL og gjelder frå og med studieåret 2020/21. Da skal mellom anna alle sjukepleiarstudentane på fire forskjellige campusar følge same studieplan.

#### Studentoppgåver i samarbeid med arbeidslivet

I 2019 vart det mogleg for om lag 70 % av eksamenskandidatane å registrere samarbeidspartnarar eller oppdragsgivarar da dei leverte bachelor- og masteroppgåvene sine i Wiseflow (HVL sitt digitale eksamenssystem). Av desse var det 438 som svarte bekreftande på at dei hadde skrive oppgåva i samarbeid med arbeidslivet. Dette talet er altså ikkje fullstendig, men gir eit godt oversiktbilete og samanlikningsgrunnlag når registreringsløysinga blir tatt i bruk av fleire. Ut frå dei som har registrert slike samarbeid, ser vi at det er god variasjon både i utdanningsområde og samarbeidspartnarar. Både innan økonomi, ingeniør, idrett og helseutdanningar har studentane skrive oppgåver med partnarar både frå offentlege verksemder og næringslivet.



**Studentar utvikla app for brystkreftpasientar:** Programvareutviklingstudentane Spurti Salimath, Martin Heitmann, Kolbein Foldøy og Jonas Backer deltok i millionprosjektet «Coping after breast cancer», saman med forskarar frå HVL, Kreftregisteret med fleire. Prosjektet fikk sju millionar kroner frå Rosa Sløyfe-aksjonen, mellom anna til å utvikle ein app som skal redusere seinskadar og plager for brystkreftpasientar. (Foto: Marthe Berg-Olsen, HVL)

## **Samarbeid med Universitetet i Bergen**

HVL skal samarbeide med Universitetet i Bergen (UiB) om lærarutdanning ved å tilby fag til kvarandre der institusjonane har komplementær kompetanse. I tillegg skal samarbeid om FoU og vidareutdanning utviklast vidare. I 2018 vart styringsgruppe og mandat for samarbeidet sett, og i mars 2019 var det eit konstituerande møte. Mandatet seier at «*Samarbeidsrådet for lærarutdanning ved Høgskulen på Vestlandet (HVL) og Universitetet i Bergen (UiB) skal ta vare på og forsterke det faglege samarbeidet innanfor lærarutdanningane ved dei to institusjonane. Med mål om å styrkje lærarutdanningane på Vestlandet, skal rådet særleg følge opp desse områda; etter- og vidareutdanning, praksis, felles forskarskuler (UH-nett Vest) og tilby fag hos kvarandre i dei aktuelle lærarutdanningane.*»

Samarbeidsrådet består av prorektor for utdanning og dekan for FLKI frå HVL og viserektor for utdanning og leiar av styringsgruppa for lektorutdanninga frå UiB. Rådet møtast ved behov eller minimum ein gang per semester.

I 2019 var det fire møte i samarbeidsrådet, og ulike saker har vore diskutert. Praksis og tilbod av fag på tvers av institusjonane har vore eit gjennomgåande tema. Rådet har sett på både kvalitet og overlapping i praksis, samt opplæring av praksisrettleiarar. I tillegg har det sett på desentralisert kompetanse, både for å få ei felles forståing av oppdrag og omfang, samt forskingsamarbeid. Rapporten «Sammen for en styrket lærerutdanning på Vestlandet» har vore behandla.

### ***Oppsummering av funn i evalueringar***

Våren 2019 hadde Nokut tilsyn med det systematiske arbeidet med kvalitet i utdanningane ved HVL. Det vart sendt inn dokumentasjon frå ti studieprogram og frå institusjonsnivået, og sakkunnig komité var på institusjonsbesøk i april. Rapporten frå tilsynet viser at vi er på rett veg i utviklinga av det systematiske arbeidet med kvalitet i utdanningane, og mellom anna peiker rapporten på at «HVL har hatt ein grundig forankringsprosess av det nye rammeverket og er godt i gang med implementeringa. Rammeverket er lagt opp på ein måte som gjer at komiteen har tillit til at HVL vil kunne bruke kunnskap frå systemet til å utvikle kvaliteten i studietilboda, avdekke og rette opp eventuelt sviktande kvalitet.» Komiteen peiker likevel på enkelte manglar på eit område som treng tiltak før HVL kan få godkjent: Tydeleggjering av kven som er ansvarleg for kontroll av krava til fagmiljø i studietilsynsforskrifta §2-3 og korleis denne gjennomførast. Høgskulen har fått frist til 1. juni 2020 med å sende dokumentasjon på at kvalitetsarbeidet oppfyller denne mangelen.



(Foto: HVL)

## Strategiområde 2: Drive forskning, utviklingsarbeid og innovasjon av høg internasjonal kvalitet

### Målbilete

Dei ønska brukar- og samfunnseffektane innanfor dette området er at:

- Samfunnet har tilgang til oppdatert kunnskap av høg kvalitet.

Vidare er dei ønska resultatata for å skape desse effektane:

- Høg kvalitet i forskning.
- Forsking for velferd, verdiskaping og omstilling.

For at HVL skal nå resultatmåla har HVL arbeidd etter to verksemdsmål, som er utleide av HVL-strategien og to mål i utviklingsavtala. Vi har valt å gjere greie for aktivitetar og resultat samla, under desse fire delmåla.

### HVL verksemdsmål:

1. HVL driv profesjons- og praksisretta forskning av høg internasjonal kvalitet i samarbeid med næringsliv og offentleg sektor.
2. HVL har styrka internasjonalt samarbeid om forskning, utviklingsarbeid og innovasjon

### Relevante mål for HVL i utviklingsavtala med KD:

3. HVL vil aktivt arbeide med å auke talet på tilsette med førstekompetanse og professor og dosentkompetanse gjennom nasjonalt og internasjonalt samarbeid. Kompetanse skal byggast i samhandling med samfunnsliv, næringsliv og offentleg sektor.
4. HVL vil aktivt involvere studentane i FoU-arbeidet, auke forskingskompetansen hos våre samarbeidspartnarar og bidra til berekraftig vekst og innovasjon.

### Oppnådde resultat på nasjonale styringsparameter og måleparameter i utviklingsavtala:

<b>Relevante nasjonale styringsparameter:</b>	<b>Resultat 2018</b>	<b>Resultat 2019</b>
Bidraginntekter frå Forskningsrådet per fagleg årsverk (1000 kr)	42,14	44,37
Tal publikasjonspoeng per fagleg årsverk	0,54	Etter 01.04.20
Verdien av Horisont 2020-kontraktar per FoU-årsverk	-	-
Prosentdel forskingsinnsats i matematiske, naturvitenskaplege og teknologiske fag (MNT-fag) (%)	-	-

Tabell 6: Nasjonale styringsparameter strategiområde 2.

<b>Relevante måleparameter/milepålar i utviklingsavtala:</b>	<b>Resultat 2018</b>	<b>Resultat 2019</b>
Talet på førstekompetente, professorar og dosentar	53,2 %/ 12,5 % <sup>5</sup>	56,2 %/ 14,1 % <sup>6</sup>
Talet på internasjonale professor II-stillingar	20	23
Talet på offentlege ph.d. og nærings-ph.d.	1	2
Talet på masteroppgåver knytt til eigen forskingsaktivitet		35 <sup>7</sup>
Gjort forskninga relevant for FN sine berekraftsmål		Sjå s.28

Tabell 7: Måleparameter utviklingsavtala strategiområde 2.

## Oppsummering av i kva grad HVL har nådd sine mål

### Profesjons- og praksisretta forskning av høg internasjonal kvalitet

#### Ekstern finansiering - Norges forskingsråd

Prosjekt finansiert av Norges forskingsråd inneber i stor grad nasjonalt og internasjonalt samarbeid med både akademiske- og arbeidslivspartnerar. I løpet av året er det ved HVL oppnådd ei samla løyving frå Norges forskningsråd større enn nokon gang. I alt er det løyvd kr 127,2 mill. frå Forskningsrådet. Det vart sendt inn heile 85 prosjektsøknader i 2019. Det er ein sterk vilje og motivasjon til å auke den totale forskingsverksemda. Men det er skarp konkurranse om midla, og ein må rekne med svingingar framover også. Utviklinga av den eksternfinansierte FoU-aktiviteten 2016-2019 er vist i tabellen nedanfor. Tal for utvikling på fakultetsnivå viser at Fakultet for ingeniør- og naturvitskap (FIN) har størst søknadsaktivitet og uttelling frå Forskningsrådet. Av 45 søknader frå FIN har 10 fått løyving. Det utgjør ein suksessrate på 22,2 %, noko som er godt over den nasjonale suksessraten i denne utlysinga. Av total løyving til HVL på 127.2 mill. i 2019, er FIN sin del 80.9 mill.

År	Tal deltaking i NFR			Omfang NFR støtte		
	Søknader	Løyving	Suksessrate	Søknader (mill. NOK)	Løyving (mill. NOK)	Finansiell suksessrate
HVL 2016	52	12	23,10 %	468.0	40.5	8,7 %
HVL 2017	51	12	23,50 %	443.3	92.4	20,8 %
HVL 2018	44	8	18,20 %	410,9	46,2	11,2
HVL 2019	85	15	17,7 %	683,7	127.2	18,61 %

Tabell 8: Norges forskingsråd - Søknadsaktivitet og suksessrate i 2019 samanlikna med dei siste åra (HVL som prosjekteigar). Kjelde: Forskningsrådet

### Nasjonalt og internasjonalt samarbeid om forskning, utviklingsarbeid og innovasjon

#### H2020-middel til forskning og innovasjon

Horisont 2020 er ei sentral kjelde for å styrkje forskning, utviklingsarbeid og innovasjon. Omfanget av denne aktiviteten er eit mål på høg kvalitet og høgt nivå. Sjølv om det er H2020-utteljninga som blir nytta som måleparameter (rammeprogram), er også andre EU-kjelder viktige og aktuelle finansieringskjelder. HVL har fleire søknader og pågåande prosjekt retta mot ordningar som til dømes Interreg, EØS samarbeid, Eurostars mfl.

Tala for 2019 (tabell 9) viser at HVL er partner eller koordinator i 18 søknader (16 som partner/to som koordinator) til H2020. Av desse er to søknadar gitt løyve (Collective action models for energy transition and social innovation (Comets) og Towards a Fair and Open

<sup>5</sup> Vi finn det mest tenleg å sjå på del (%) framfor tal. Viser her % førstestillingar av UFF-årsverk og % professorar og dosentar av UFF-årsverk. Årsverk UFF i 2018 var 972,16, årsverk førstekompetanse var 516,82 og årsverk professorar og dosentar var 101,25+20,5=121,75.

<sup>6</sup> Vi finn det mest tenleg å sjå på del (%) framfor tal. Viser her % førstestillingar av UFF-årsverk og % professorar og dosentar av UFF-årsverk. Årsverk UFF i 2019 var 989,15, årsverk førstekompetanse var 556,25 og årsverk professorar og dosentar var 119,4+19,7=139,1.

<sup>7</sup> Rapporteringssystem under utvikling – berre ca 78% som har hatt moglegheit til å huke av for dette valet.

Data Ecosystem in the Low Carbon Energy Research Community (EERADData). HVL er koordinator for det eine - EERADData. Prosjektet startar i 2020. HVL er òg koordinator for eit nettverksprosjekt (Cost Action) kalla «Evbres» (Towards an International Network for Evidence-based Research in Clinical Health Research.) som starta hausten 2018. At HVL er koordinator for to EU-prosjekt, bidrar òg til å byggje erfaringsgrunnlag i fagmiljø og støtteapparat. Det vil styrkje den institusjonelle internasjonale CV-en, som er viktig for å auke denne aktiviteten ytterlegare.

Sjølv om tala framleis er låge, tydar dei òg at HVL har ei positiv utvikling både av tal på søknader og løyvingar.

År	Tal deltaking i H2020			Omfang støtte		
	Søknader	Løyving	Suksessrate	Søknader EURO	Løyving EURO	Finansiell suksessrate
HVL 2017	8			3 952 852,7		
HVL 2018	17	1	5,90 %	8 325 892,1	531 543,75	6,40 %
HVL 2019	18	2	11,1 %	10 219 511,1	522 226,25	5,11 %

Tabell 9: H2020 - Søknadsaktivitet og suksessrate i 2019 samanlikna med dei siste åra (HVL som prosjekteigar).

Dei fleste av HVL-forskarane som deltar i prosjektsøknader og har hatt suksess i H2020, er forskarar med internasjonale forskarkarrierar, og dei har eit godt internasjonalt nettverk gjennom tidlegare samarbeid i forskingsprosjekt og publisering/formidling.

HVL har i 2019 hatt merksemd på aktiv deltaking i nettverk og samarbeidsforum som del av arbeidet for å styrkje eiga deltaking i EU-prosjekt. Høgskulen deltar mellom anna i ulike EU-nettverk på Vestlandet, fleire nettverk og samarbeidsforum knytt til Norges forskingsråd, Regionkontor i Brussel, samt i ei rekkje regionale klynger og nettverk. Ei vidare styrking av klynge- og nettverkssamarbeida kan føre til enda tettare samarbeid også opp mot EU-søknader. Omfang av deltaking i klynge- og nettverkssamarbeid er nærare omtalt under strategiområde tre.

Utviklinga av bidragsinntekter frå EU viser at HVL har eit stykke å gå for å komme på nivå med samanliknbare UH-institusjonar, men det har vore ei positiv utvikling frå 2018 til 2019. Det er dei forskningstunge institusjonane som drar opp snittet for statlege institusjonar, men samanliknbare institusjonar har likevel tydeleg høgare tall enn HVL. Eit måltal for 2025 på 12 er basert på eit mål på kor institusjonen bør vere i 2025.

Bidragsinntekter frå EU per fagleg årsverk (1000 kr)	2013	2017	2018	2019	Mål 2025
HVL	1	2,8	2,9	6,55	12

Tabell 10: EU-middel- resultatutvikling på bidragsinntekter frå EU per fagleg årsverk.

Kjelde: Nøkkeltal DBH

I tillegg til H2020, tok HVL i 2019 også del i søknader til mellom anna EØS-forskningsprogramma, NordForsk og European Space Agency (ESA). EØS-programma lyser ut middel til prosjekt som norske partnerar kan delta i, medan NordForsk lyser ut middel gjennom fellesnordiske forskingsprogram på alle temaområda.

#### Internasjonalt utdanningssamarbeid

HVL skal ha FoU-aktivitet og utdanning av høg internasjonal kvalitet som kvalifiserer våre kandidatar til eit globalt arbeidsliv med interkulturell kompetanse. Internasjonalt utdanningssamarbeid fordrar gode partnerskap, og eit verkemiddel for å utvikle gode partnerskap er å nytte tilsettmobilitet. Vi ser ei positiv utvikling innan tilsettmobilitet,

spesielt innan Erasmus+. I 2019 vart det delt ut Erasmus+-mobilitetsstipend til 81 tilsette, mot 68 stipend i 2018.

Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett (FLKI) har jobba målretta med å styrkje internasjonalisering i studieprogramma Grunnskulelærarutdanning 1-7 og 5-10, og det har mellom anna hatt eit sterkt fokus på å byggje internasjonale strategiske partnerskap. Kvaliteten på praksis er viktig for utdanninga, og gjennom utdanningsprogrammet Noted har FLKI mottatt middel til å utvikle internasjonale nettverk som samarbeider om pensum og praksismobilitet av høg kvalitet. FLKI fekk i 2019 tilsegn på to Noted-prosjekt. For mange studentar er det attraktivt å kunne kombinere studiepoenggivande praksis med studium i utlandet, og slik opparbeide seg verdifull erfaring frå eit internasjonalt arbeidsliv. Desse prosjekta planlegg å starte mobilitet av både inn- og utreisande studentar frå 2021.

Høgskulen ser resultat av ei målretta satsing over fleire år for å auke deltaking i Erasmus-programma for samarbeid<sup>8</sup>. Vi sende inn seks søknader i 2018, elleve i 2019, og i 2020 nærmar vi oss 20 innsende søknader. Også når det gjeld middel til internasjonalt utdanningsamarbeid frå Diku, har HVL hatt ei positiv utvikling .

Tabellane nedanfor viser HVL si deltaking i Erasmus+ og program forvalta av Diku og andre<sup>9</sup>.

ERASMUS+	Tal deltaking			Omfang støtte		
	Søknader	Løyving	Suksessrate	Totalsum søknader	Løyving til HVL	Finansiell suksessrate
				EURO	EURO	
HVL 2018	6	6	100 %	2 979 978	1 155 365	38,7 %
HVL 2019	11	3	27,3 %	3 268 512	825 354	25,25 %

Tabell 11: Erasmus+ - søknadsaktivitet og suksessrate i 2019 samanlikna med 2018 (HVL som prosjekteigar). Kjelde: Avdeling for forskning, internasjonalisering og innovasjon, HVL

ERASMUS+	Tal deltaking i program, Diku			Omfang støtte		
	Søknader	Løyving	Suksessrate	Søknader	Løyving	Finansiell suksessrate
				EUR	EUR	
HVL 2018	15	9	60,00 %	1 184 057	327 766	27,68 %
HVL 2019	11 <sup>[1]</sup>	6	54,54 %	2 418 705	624 290	25,81 %

Tabell 12: Utdanningssamarbeidsprogram forvalta av DIKU og andre- søknadsaktivitet og suksessrate i 2019 samanlikna med 2018 (HVL som prosjekteigar). Kjelde: Avdeling for forskning, internasjonalisering og innovasjon, HVL

### Innovasjon og kommersialisering

I 2019 har det vore arrangert innovasjonsseminar på alle campusar med fokus på mellom anna nyskaping, kommersialisering, IPR-regelverk, og også arrangement retta mot særskilde målgrupper, så som ph.d.-studentar. Fleire av seminara har vore arrangert i samarbeid med teknologioverføringskontora som HVL har avtale med (Vestlandets innovasjonsselskap/VIS

<sup>8</sup> Strategiske partnerskap, kapasitetsbygging og kunnskapsalliansar

<sup>9</sup> Andre er andre norske forvaltningsorgan, i dette tilfelle Norec.

og Valide). HVL har signert ny samarbeidsavtale med Valide (Rogaland) i 2019, og dette selskapet vil dei neste to åra samarbeide med HVL om å byggje innovasjonskultur og dyrke fram innovasjons- og kommersialiseringsprosjekt med vekt på nærregion Stord/Haugesund.

HVL kan vise til ein ganske god auke i aktivitetar rundt innovasjon og kommersialisering. Dei første patentsøknadane er sendt, begge basert på idear og deretter oppfinningar utvikla av HVL-tilsette. Det er handtert 20 kommersialiseringsidear i samarbeid med VIS Vestland (Bergen/Sogn & Fjordane) og i samarbeid med Valide (Stord/Haugesund). Det er etablert ei ny verksemd med HVL-tilsett i Sogn og Fjordane. Denne heng saman med ide som er meldt inn i same region. HVL kan sidan 2016 vise til ein god trend i tal på innmeldte idear, frå tre i 2016 til 20 i 2019.

HVL har fått tildelt middel til eit nytt stort forskingsprosjekt gjennom Regionalt forskingsfond Vestlandet, kalla "Gründersporet". Dette prosjektet vil kunne bidra til auka merksemd rundt gründeraktivitet i regionen. I 2019 vart HVL partner i Stavangerregionen sin nye status som 3-stjerners referanseregion innan EUs innovasjonspartnerskap for aktiv og sunn aldring (EIP-AHA). Denne statusen er tildelt for perioden 2020- 2023 og blir målt på graden og kvaliteten av samarbeid mellom regionen sine helseaktørar innan akademien, offentleg og privat verksemd.

HVL har etablert HVL Skape, som er høgskulen sitt studenttilbod innan innovasjon og entreprenørskap som strekkjer seg utover det som skjer i fag og emne. Gjennom HVL Skape kan høgskulen sine studentar få hjelp til å vidareutvikle idear og prosjekt. Sjølv om aktivitetane er eit tilbod «utanfor klasserommet», er dei koordinerte med utdanninga til studentane. Ordninga gir betre idear, aukar sjansen for å lukkast og sikrar at studentane får ein formalkompetanse i botn. HVL handsamar sjølv studententreprenørskapsområdet for å vere sikker på at studentane ikkje sluttar, men tvert om utviklar ideane sine i og utanfor klasserommet. Satsinga på studententreprenørskap tar utgangspunkt i studentane som fagpersonar og i profesjonen deira og er ikkje ei generell satsing på entreprenørskap. HVL Skape er derfor både eit tilbod til studentar som ønsker å starte eiga bedrift, men og dei som skal inn i ordinært arbeidsliv i offentleg eller privat sektor.

### **Vitskapleg publisering**

HVL hadde i 2018 eit resultat på 0,54 publiseringspoeng per fagleg årsverk (Tabell 13). Resultatet er lågt når ein samanliknar med snitt for sektoren, som var 1,18 det året. Det er store variasjonar mellom statlege høgskular og universiteta og også mellom gamle og nye universitet. Når ein ser på tidsperioden 2013-2017, har HVL ei positiv utvikling på heile 33 %. Dersom ein føreset at tendensen fortsett fram mot 2025, vil HVL kunne nå målet om eitt publiseringspoeng per fagleg årsverk.

Det er ikkje urealistisk å forvente ei slik auke i vitskapleg produksjon. Dette kan ein mellom anna grunngi med forventa auke i første-/toppkompetanse, auka publisering gjennom auka nivå, breidde og volum i forskning, og stipendiatar som disputerer på eigne ph.d.-studium. Med 5-årig lærarutdanning (masterutdanning), med forventa auka studentdeltaking i forskingsprosjekt, kan det føre til meir forskning, fleire forskingsresultat og meir publisering. I 2018 rapporterte HVL inn 704 vitskaplege publikasjonar og oppnådde 602,5 poeng. Det var ein auke frå 2017 på 39 publikasjonar (6 %) og 30,6 poeng (5 %).



Vitenskapleg publisering: publikasjonspoeng per fagleg årsverk	2013	2017	2018	2019	MÅL 2025
HVL	0,4	0,53	0,54	Etter 01.april 2020	1
Del internasjonale samforfattarskap	2013	2017	2018	2019	MÅL 2025
HVL	48	46	46	Etter 01.april 2020	50

Tabell 13: Publisering - resultatutvikling av vitenskapleg publisering per fagleg årsverk (1000 kr).  
Kjelde: KD-portalen

### Internasjonal sampublisering

Internasjonal sampublisering (Tabell 13) er eit viktig fokus for HVL. Alle verdsdelar er representerte på samarbeidskartet. HVL hadde internasjonale sampublikasjonar med institusjonar i til saman 58 land. Av desse var det ti eller fleire sampublikasjonar med 20 land. Sverige og USA var dei to landa med flest sampublikasjonar.

### Open publisering og open tilgang til forskingsdata

HVL har som ambisjon at forskingsresultat frå HVL skal bli publisert godt synleg– slik at publikasjonane blir lest, diskutert, brukt og bygt vidare på av flest mogleg. Resultata skal i så stor grad som mogleg gjerast tilgjengeleg både for allmenten, arbeidsliv og forskarsamfunn. I samband med denne ambisjonen er det utarbeidd og vedtatt Policy for Open Access i tråd med Nasjonale mål og retningslinjer for open tilgang til vitenskaplege artiklar. Open Access fond er vidareført. HVL hadde eit mål om å auke Open Access-delen til minimum 50 % av den totale vitenskaplege publiseringsaktiviteten ved HVL og at desse skulle vere arkivert i det institusjonelle vitenarkivet «HVL Open». Dette målet vart nesten nådd (knappt 45 %), og dette er ganske bra sett i forhold til resten av sektoren. Det står igjen å sjå kva 2019-talet vil bli. «HVL Open» skal innehalde forskarane sine publikasjonar, men også studentoppgåver.

HVL har også etablert ei løysing for open tilgang, tilgjengeleggjering og deling av forskingsdata, også dette i tråd med KD sine bestillingar for sektoren. Gjennom ei ny samarbeidsavtale med Universitetet i Tromsø, har HVL gått for ei løysing kalla DataverseNO.

## **Forskarutdanning**

### Ph.d.-studium

I 2019 er to nye ph.d.-studium ved HVL akkreditert av Nokut. Ph.d.-studiet *Helse, funksjon og deltaking* vart akkreditert 6. februar 2019. I etableringsfasen våren 2019, vart det tilsett fagansvarleg og peikt ut programutval for ph.d.-studiet. Kunnskapsdepartementet gav, i brev datert 3. juni, HVL løyve til å opprette studiet, og det starta opp hausten 2019 med undervisning av to emne i opplæringsdelen. 10 kandidatar var tatt opp ved starten av studiet.

Ph.d.-studiet *Ansvarleg innovasjon og regional utvikling* fekk tilsegn om akkreditering frå Nokut 6. februar. Det var gitt atterhald om ei stilling på professornivå innan fagfeltet «sustainable transitions». Endeleg akkreditering vart gitt 27. september 2019. Studiet har oppstart våren 2020, etter at Kunnskapsdepartementet gav HVL rett til å opprette studiet 20.1.2020.

Begge desse ph.d.-studia har vore delar av ei langsiktig strategisk prioritering om etablering av minst fire eigne ph.d.-studium ved HVL. Begge kan seiast å vere resultat av fusjonen, der faglege krefter blant fusjonspartnarane er samla og utnytta. Dette grip over både fagfelt og studiestader. Tabellen under viser tal for registrerte opptak i ph.d.-studia ved HVL.

Registrerte ph.d.-studentar, HVL	2017		2018		2019 <sup>10</sup>	
	V	H	V	H	V	H
Semester						
Danning og didaktiske praksisar	26	33	33	38	47	54
Datateknologi /Computer Science			12	15	24	24
Nautiske operasjonar (fellesgrad)	1 (11 <sup>11</sup> )	3 (11)	4 (11)	5 (11)	5 (14)	5 (13)
Helse, funksjon og deltaking	S	S	E	E	G	10
Ansvarleg innovasjon og regional utvikling <sup>12</sup>	S	S	E	E	I	G

Tabell 14: Registrerte ph.d.-studentar ved HVL.

Kjelde: FS (S: Søknadsprosess, E: Evalueringsprosess, I: Innvilga, G: Godkjent)

Institusjonen har 83 faste KD-finansierte stipendiatstillingar. Desse er fordelt på ein måte som skal støtte opp under HVL si universitetssatsing.

HVL har også fleire stipendiatstillingar finansiert frå eksterne kjelder (hovudsakleg NFR) i tillegg til stipendiatstillingar finansiert av strategiske middel frå HVL.

Gro Hege Saltnes Urdal vart den første som disputerte på eit av Høgskulen på Vestlandet sine egne doktorprogram, da ho i august 2019 forsvarte avhandlinga si om studentar si utvikling på veg mot å bli tolkar for døvblinde. Urdal hadde opptak i ph.d.-studiet *Studiar av danning og didaktiske praksisar*. Det har òg vore disputas i fellesgraden *Nautiske operasjonar*, der Odd Sveinung Hareide disputerte.



**Ph.d.-program starta opp:** I juni 2019 var det oppstart for doktorgradsprogrammet *Helse, funksjon og deltaking*. Programmet fekk Nokut-godkjenning tidlegare på året. På biletet er dei første stipendiatane i programmet, frå venstre: Trine-Lise Dræge Steinskog, Bente Elisabeth Bendixen, Susanne Grødem Johnson, Kristine Tveit, Ragnhild Steinsland, Kjell Einar Barsnes, Stian Hammer og Kristine Berg Titlestad. (Foto: Ann Jørstad Nilsen, HVL)

I tråd med Forskrift om kvalitetssikring og kvalitetsutvikling i høgare utdanning og fagskoleutdanning, skal institusjonane gjennomføre periodiske evalueringar av studietilboda sine. Høgskulen har gjennomført ein pilot for periodisk evaluering for ph.d.-studiet *Studiar av danning og didaktiske praksisar*.

<sup>10</sup> Fleire tilsette stipendiatar har søkt/skal søkje opptak til ph.d.-studia. Desse vil ha ein reell start av ph.d.-perioden sin i 2019, men opptak vil bli etterregistrert.

<sup>11</sup> Tal i parentes viser samla kandidattal for heile studiet.

<sup>12</sup> Endeleg godkjend februar 2020. Studiet planlegg formell start ved starten av studieåret 2020/21.

Når det gjeld ph.d.-kandidatar som er finansiert 50 % av Norges forskingsråd og 50 % av eiga verksemd (Offentleg sektor-ph.d. eller Nærings-ph.d.), har HVL no to Offentleg sektor-ph.d.-kandidatar. Begge tar ph.d. innan studiet *Studiar av danning og didaktiske praksisar*.

## Kompetansebygging

### Kompetansehevingstiltak

Høgskulen har i 2019 arbeidd godt med kompetansekartlegging og kompetanseheving for vitenskapleg tilsette. Det er etablert og tildelt stipend- og programordningar i karrierestigane, mellom anna med interne strategiske middel, dosentkvalifiseringsstipend, professor-kvalifiseringsstipend, forskarstipend, stipendiatstillingar og førstelektorprogram –i tillegg til generell FoU-tid. Sjølv om eit tverrgående kompetansehevingsprogram berre er i startgropa (omtalt i kapittel V), er det i 2019 følgt opp, initiert og gjennomført ulike fellestiltak på institusjonsnivå. Det gjeld til dømes «Kurs i prosjektleiing og forskingsleiing», «Prosjektleiing for kvinner» og «Forskingsleiing på Vestlandet». Programmet «Leiing for kvalitet» vart starta opp våren 2019, og samlar 40 deltakarar gjennom fem samlingar. Kvar av samlingane har ulike tema, der det eine er «Å leie forskning, utvikling og innovasjon».

### Førstekompetanse

Prosentdel årsverk med førstekompetanse har ei positiv utvikling frå 53 % i 2018 til 56 % i 2019. Med universitetsambisjon og auka aktivitetsnivå på ph.d.- og masterutdanningar, er målet å nå 65 % førstekompetanse i 2025. Ein 3 % auke frå 2018 til 2019 viser at utviklinga av denne parameteren er i takt med prognosen.

### Professor II

Tal på internasjonale professor II-stillingar viser ei svak auke frå 2018 til 2019. Sjølv om det er HVL sine faste medarbeidarar som er den viktigaste suksessfaktoren for å utvikle gode fagmiljø, er denne gruppa av professor II-stillingar særskild viktig for å stimulere og vitalisere i bygginga av eigne fagmiljø. Internasjonale professor II bringar topp kompetanse, dei deler av erfaringar og kunnskap og gir nyttig rettleiing for tilsette og studentar.

### Opprykk

Det har vore ei veldig god utvikling av opprykkstala til professor, med i alt 26 opprykk i 2019. I alt aukar talet professorar frå 90,6 i 2018 til 119,4 i 2019. Tal på opprykk på grunnlag av disputas er stabilt frå 2018. Her er å merke seg at talet frå og med 2019 blir berekna på grunnlag av talet på søknader om opprykk uavhengig av tilsetjing i stipendiatperioden<sup>13</sup>.

	2016	2017	2018	2019
Opprykk på grunnlag av disputas	14	14 (25 <sup>14</sup> )	13(16*)	17 <sup>15</sup>
Opprykk professor/dosent	11	5	11/8	26 <sup>16</sup> /1
Opprykk førstelektor	9	10	14	17

Tabell 15: Utviklinga av talet på tilsette med opprykk i HVL. Kjelde: SAP, HVL.

### Involvering av studentane i FoU-arbeidet

I 2019 vart det mogleg for om lag 70 % av eksamenskandidatane å registrere om studentprosjekt er gjort i samarbeid med HVL-forskarar eller som del av HVL-prosjekt, da dei leverte bachelor- og masteroppgåvene sine i Wiseflow. Talet er såleis ikkje fullstendig, men gir eit brukbart situasjonsbilette og er eit mogleg samanlikningsgrunnlag når registreringsløysinga blir tatt i bruk av enda fleire utdanningar. Ut frå dei som har registrert slike samarbeid, ser vi at det er god variasjon både i utdanningsområda og i HVL-forskarar

<sup>13</sup> Gjeld tilsette som har søkt opprykk på bakgrunn av gjennomført ph.d. (verknadspunkt i 2019).

<sup>14</sup> Gjeld disputasar der HVL har hatt hovudarbeidsgivaransvar i stipendiatperioden. Tal i parentes er alle disputasar med HVL som arbeidsgivar på disputastidspunktet. Inkluderer ikkje disputasar ved utanlandske institusjonar. For 2019 er talet endra, sjå neste fotnote.

<sup>15</sup> Gjeld tilsette som har søkt opprykk på bakgrunn av gjennomført ph.d. (verknadspunkt i 2019).

<sup>16</sup> Gjelder verknadspunkt i 2019. Det er ein del tilsette som har søkt om opprykk og som er i prosess.

og -prosjekt. Det er langt fleire studentar som seier «nei» enn «ja» til spørsmålet om deltaking i HVL-forsking. Av 272 masterstudentar som har hatt moglegheit til å registrere denne informasjonen, svarte 35 at oppgåva er knytt til HVL-forsking. I alt er det om lag 60 utdanningar der det er aktuelt å gi denne opplysinga.

#### Forsking relevant for FNs berekraftsmål

Etableringa av forskingsstrukturar på fakulteta i form av forskingssenter, profilområde/ forskingsprogram (ca. 15) og forskargrupper (ca. 110) har i stor grad preg av ei oppfølging av FNs berekraftsmål. Dei faglege prioriteringane vises direkte ved mellom anna nemningar og presentasjonar av program/grupper. Forskingsstrukturane utgjer samla sett ei stor og detaljert samansetting av fagområde og fagmiljø. Dei representerer eit direkte organisatorisk resultat av fusjonsarbeidet med mål om å skape meir robuste forskar- og fagmiljø. Dei er direkte utleidde av felles faglege satsingsområde definert i HVL-strategien for 2019-23, der fleire av desse har relevans for berekraftsmåla. Døme er «ansvarleg innovasjon», «berekraftig utvikling», «danning», «folkehelse» og «sikkerheit». Oppfølging av HVL-strategien og fakultetsstrategiane, gjennom målretta verksemd i forskargrupper, program og senter, er særskilt viktige verktøy for å mobilisere og formidle aktivitetar, ny kunnskap og kompetanse rundt oppfølging av FNs berekraftsmål nasjonalt og internasjonalt.

#### Forskingsetikk

Forskingsetikk er eit prioritert fokusområde for forskings- og utviklingsaktivitetane ved HVL. Dei høgast prioriterte felt er personvernet i forsking, med vekt på ivaretaking av opplæringsansvar, og tilrettelegging for sikker lagring og handtering av data med personopplysingar. HVL har eit institusjonelt forskingsetisk utval. Det har ikkje vore handsama saker om mistanke om at nokon har opptrudd ureieleg. Ei sak som er handsama i 2019 er oppretting av forskingsetiske komitear på fakultetsnivå for å gi forskingsetiske vurderingar av særskilde student- og forskarprosjekt. Så langt har eitt av fakulteta (FLKI) valt å etablere ein forskingsetisk komité. I september 2019 vart resultatane frå Rino-prosjektet (Research Integrity in Norway) lagt fram på Forskingsetisk forum som vart halde på HVL, campus Kronstad, i samarbeid med Dei nasjonale forskingsetiske komiteane. Rino er eit forskingssamarbeid mellom Universitetet i Bergen, Høgskulen på Vestlandet og Dei nasjonale forskingsetiske komiteane.

### Strategiområde 3: Formidle og dele aktuell kunnskap og kompetanse

#### Målbilete

Dei ønska brukar- og samfunnseffektane innanfor dette området er at:

- Samfunnet har tilgang til oppdatert kunnskap av høg kvalitet.
- Alle har den kompetansen som dei sjølve og samfunnet treng.

Vidare er dei ønska resultata for å skape desse effektane:

- Effektiv, mangfaldig og solid høgare utdanningssektor og forskingssystem

For at HVL skal nå resultatmåla har HVL arbeidd etter to verksemdsmål, som er utleide av HVL-strategien, og to mål i utviklingsavtala. Vi har valt å gjere greie for aktivitetar og resultat samla, under desse fire delmåla.

#### HVL verksemdsmål:

1. Gjennom samhandling, deltaking og dialog fangar HVL opp aktuelle problemstillingar og er ein relevant samarbeidspartnar for arbeids- og samfunnsliv.
2. HVL involverer relevante brukarar i kunnskapsutvikling.

#### Relevante mål for HVL i utviklingsavtala med KD:

3. Høgskulen skal styrkje praksisnær utdanning og FoU i klynge og nettverkssamarbeid med det regionale arbeids- og næringslivet. Entreprenørskap, tverrprofesjonell og tverrfagleg samarbeid er berande element.
4. HVL vil stimulere til auka relevans i utdanning og forskning i samarbeid med samfunnsliv, næringsliv og offentleg sektor gjennom delte stillingar og utvikling av delte stillingar som omgrep.

#### Oppnådde resultat på nasjonale styringsparameter og måleparameter i utviklingsavtala:

<b>Relevante nasjonale styringsparameter:</b>	<b>Resultat 2018</b>	<b>Resultat 2019</b>
Andre bidrags- og oppdragsinntekter per fagleg årsverk (1000 kr)	93,96	131,77
Del mastergradkandidatar i relevant arbeid eit halvt år etter fullført utdanning	-	-

Tabell 16: Nasjonale styringsparameter strategiområde 3.

<b>Relevante måleparameter/milepålar i utviklingsavtala:</b>	<b>Resultat 2018</b>	<b>Resultat 2019</b>
Omfang av deltaking i klynge- og nettverksamarbeid	-	80-100 <sup>17</sup> Sjå s.30
Aktive råd for samarbeid med arbeidslivet (RSA) og utvikling av strategiske møteplassar	-	2 RSA 10 andre strategiske <sup>18</sup> Sjå s.32
Kandidatar i relevant arbeid (kandidatundersøkinga)	-	Sjå s.33
Gjennomført pilot på tverrfagleg samarbeid på campus	-	Sjå s.33
Talet på utdanningar som er utvikla eller vidareutvikla i samarbeid med arbeidslivet	-	Sjå s.33
Talet på delte stillingar med arbeidslivet	-	14 Sjå s.33

Tabell 17: Måleparameter utviklingsavtala strategiområde 3.

## Oppsummering av i kva grad HVL har nådd sine mål

### Samhandling

#### Klynge- og nettverkssamarbeid

I 2019 vart ein oppdatert overordna handlingsplan for samhandling ved HVL vedtatt i Samhandlingsutvalet. Høgskulen har eit utstrekt samarbeid med klynger og nettverk og har systematisert over 80 klynger og nettverk i kategoriane

- NIC<sup>19</sup>-klynger
- næringsdefinerte klynger
- nettverk med sikte på og som støtte til bedriftsutvikling, kommersialisering og inkubasjon
- næringsråd og andre geografisk definerte nettverk med ambisjonar om lokal og regional næringsutvikling
- fag-/profesjonsbaserte nettverk (ofte akademiske)
- HVL-sentera

I tillegg har HVL samarbeidd med ei rekkje nettverk som ikkje fell inn under desse kategoriane. På [www.hvl.no/samarbeid](http://www.hvl.no/samarbeid) er det lagt til rette for særskild kommunikasjon med og informasjon til eksterne samarbeidsaktørar. Hausten 2019 starta HVL dessutan med å etablere ein samhandlingsportal (custom relation management, CRM-system) for å lette arbeidet med å følge opp samarbeidsavtaler, praksisavtaler, kundar og nettverk. Planen er å ha samhandlingsportalen på plass innan sommaren 2020.

Samarbeid med klynger og nettverk blir operasjonalisert på ulike måtar i dei ulike fakulteta, ut frå fagmiljøa og klynga/nettverket sin eigenart. Bygging og vedlikehald av nettverksamarbeid skjer ved å delta i styrings- eller arbeidsgrupper og å delta på relevante møte, arrangement, konferansar og seminar. Vel så viktig er konkrete samarbeidsprosjekt knytt til forskning, formidling og både utvikling og vidareutvikling av kurs og studietilbod. UHR sine nasjonale fagorgan er for alle fakulteta viktige forum for drøfting, utvikling og samordning av studia og for kontakt med andre om faglege spørsmål.

Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett (FLKI) sitt nettverksarbeid har i stor grad vore knytt til dei to nasjonale ordningane desentralisert kompetanseutvikling i skulen (DeKomp) og regional kompetanseutvikling i barnehagen (ReKomp), samt partnerskuleprosjekt og

<sup>17</sup> Har ikkje komplett oversikt over alle klynge- og nettverkssamarbeid. Det er ulike definisjonar og forståingar, samt at det blir jobba ulikt med klynge- og nettverksamarbeid i ulike delar av verksemda.

<sup>18</sup> Ei mengde studieprogramråd kjem i tillegg.

<sup>19</sup> Norwegian Innovation Clusters: <https://www.innovasjon Norge.no/nic>

etablering av lærarutdanningsbarnehagar og -skular. Berre innan ReKomp og DeKomp er FLKI involvert i 24 overordna nettverk i Rogaland, Vestland og Viken fylke.

Fakultet for helse- og sosialvitenskap (FHS) deltar i Alrek helseklynge med Senter for omsorgsforskning vest og omsorgsteknologilaben som er knytt til det strategiske prosjektet Thom i HVL. Thom-prosjektet er eit samarbeid mellom FHS og FIN, og omfattar teknologi i helse og omsorg. I tillegg til fagmiljøa som fysisk skal ha tilhald i Alrek helseklynge, deltar fagtilsette ved FHS i fleire faggrupper som er oppretta i forbindelse med utviklinga av klynga saman med tilsette frå dei andre samarbeidspartnarane. Klynge har fokus på å involvere studentar i arbeidet.

FHS deltar i fleire andre nasjonale og internasjonale nettverk som bidrar til kunnskaps- og erfaringsdeling gjennom styreverv, konferansebidrag og arbeidsgrupper som samarbeider om utvikling av tenestetilbodet både i kommunar og helseføretaka. Døme er Kvardagsrehabilitering, Nasjonalt nettverk for samanheng i pasientforløp, Nasjonalt nettverk for helsetjensteforskning, EFPC- European Forum for Primary Care, Primore- European primary care multiprofessional researcher network, Kunnskapsklynga Polyfon, Norwegian Smart Care Cluster og Utviklingssenter for sjukeheim og heimetenester (nasjonalt og regionalt nettverk)<sup>20</sup>.

Fakultet for ingeniør- og naturvitenskap (FIN) har eit utstrekt samarbeid med fleire av næringsklyngene. Infrastruktur som flammehall og bølgebasseng er stilt til disposisjon for katapulten Sustainable Energy<sup>21</sup>. Vidare døme er henta frå samarbeid med GCE Ocean Technology<sup>22</sup> der fakultetet rapporterer om lag 400 arbeidstimar i 2019 fordelt på arbeid knytt til utvikling av søknad til Norges forskningsråd, fagleg prosjektutvikling, deltaking i utval for evaluering og tildeling av middel til prosjektsøknader frå klyngeverksemdene, utvikling av utdanningsprogram og praksisemne, samt deltaking på workshop, seminar og liknande.

Mohnsenteret for innovasjon og regional utvikling bidrar til eit omfattande samarbeid med arbeidslivet innan programmet Mobiforsk<sup>23</sup>, der ein jobbar saman med klyngene for å tilby møteplassar med fokus på samarbeid mellom academia og næringslivet.

Fakultet for økonomi og samfunnsvitenskap (FØS) har ei formalisert rolle i nasjonale nettverk som Sjøfartens utdannings- og rekrutteringsforum, Nasjonalt nettverk for forskning om innovasjon i offentlig sektor og Samarbeidsforum mellom Regnskap Norge og utdanningsinstitusjonane som tilbyr rekneskapsførerprofilen.

Høgskulen på Vestlandet og Fagskolen i Sogn og Fjordane har etablert et laboratorie-samarbeid, Campus Førde verftet AS (CFv). Selskapet er eid av Vestland Fylkeskommune (40%), Sunnfjord kommune (20%) og Høgskulen på Vestlandet. Formålet med CFv er at avanserte laboratorium skal styrke kvaliteten innan utdanning, forskning og utvikling, og innovasjonsarbeid, alt i tett samarbeid med nærings- og samfunnsliv. CFv er ikkje berre for Førde, men for hele Sogn og Fjordane.

Samarbeidet mellom Fagskolen og Høgskulen har pågått lenge ved at kandidatar som går ut frå fagskolen med fagbrev, kan gå vidare med ingeniørutdanning. Skulane har i stor grad behov for same type utstyr og det vil være kostnadseffektivt å dele utstyr. Et annet viktig element i samarbeidet er at moderne er viktig for kvalitet, moglegheiter og i siste instans studentane sin trivsel. Derfor er dette også koplå mot studentrekruttering der fornøgd studentar og ordet som går, er den beste rekrutteringsmekanismen. Det er også etablert

<sup>20</sup> <https://www.utviklingssenter.no/>

<sup>21</sup> <https://sustainableenergy.no/>

<sup>22</sup> <https://www.gceocean.no/>

<sup>23</sup> <https://www.hordaland.no/nn-NO/naringsutvikling/mobiforsk/>

intensjonsavtaler med næringsklynger og større bedrifter i hele Sogn og Fjordane. CFv leiger areal i et unikt teknologisk miljø ved Hellenes Yard i Førde. I miljøet er mange næringslivsaktører, frivillige organisasjonar og utviklingsselskap. Mange kategoriserer miljøet som et unikt kreativt utviklingsmiljø.

#### Aktive råd for samarbeid med arbeidslivet og utvikling av strategiske møteplassar

Formålet med kompetanseforuma er å vidareutvikle utdanning, forskning og utviklingsarbeid tett på studentar og arbeidsliv slik at den regionale utviklingsrolla blir tatt betre vare på ved å leggje til rette for at kompetanse blir ein drivar for utvikling i arbeidslivet.

Å vere tett på samfunnet rundt er sentralt i HVL sin strategi, og samarbeidet med vertskommunane er særleg viktig for å vidareutvikle studiestadene. Siste året har HVL hatt vertskommunemøte der ein tar sikte på å styrkje og gjere studiestadene enda meir attraktive for noverande og framtidige studentar. Vertskommunemøta er samarbeidsmøte mellom prorektor i nærregionen, leiing i kommunen, Sammen og studentdemokratiet og er ein samhandlingsarena for saker av felles interesse. Døme på saker er campusutvikling, studentbustader, sykkelby, kollektivtransport, gode kultur-, helse- og fritidstilbod og andre relevante samarbeidsprosjekt.

Kompetanseforum Vestland er samarbeidsorganet for kompetansearbeid i regionen, koordinert av fylkeskommunen. Dette er vårt råd for samarbeid med arbeidslivet. Her møter HVL leiarane ved Universitetet i Bergen, Norges handelshøyskole, Fagskolen i Hordaland, Opplæringsdirektøren i Vestland fylkeskommune og partane i arbeidslivet representert ved NHO, LO og KS, og NAV og Helse Vest. Under Kompetanseforum Vestland er det etablert regionale team, og HVL var representert i nokre av desse i 2019. Dette er kontaktpunkt for sentrale bransjar der ein i stor grad koplars seg opp mot etablert klyngestruktur der det finst.

Strategiske møteplassar med arbeids- og samfunnsliv rundt campus Haugesund fell utanom Kompetanseforum Vestland, og derfor etablerer HVL Kompetanseforum Nord-Rogaland. Vi legg der opp til to årlege møte, der det eine har fokus på offentleg sektor og heilskap i utdanningsløpa og det andre i større grad vil vere tematisk med vekt på regional- og næringsutvikling.

Som ei vidare oppfølging av vertskommunemøta, vil HVL i løpet av våren 2020 invitere alle vertskommunane saman til vertskommuneforum. Det er tenkt å vere ein årleg møteplass som gjennom arbeid mot felles mål bidrar til utvikling av vertskommunane, Vestlandet og HVL på veg mot å bli universitet.

I løpet av 2019 kom HVL sin råd- og utvalsstruktur på plass med mellom anna fakultetsråd og studieprogramråd knytt til alle studieprogramma. Dette utgjer ei betydeleg samhandling med samfunns- og arbeidsliv da alle desse har eksterne medlemmar. Det er i høg grad strategisk med tanke på utvikling av nye studietilbod, vidareutvikling og fornying av eksisterande studieportefølje og for å finne relevante samarbeidspunkt i forskning og utdanning.

#### Bidrags- og oppdragsverksemd

*Den eksterne omsetjinga* (her: all inntekt unntatt løyving frå departement) er på om lag 256 mill. kr, noko som er ein auke på om lag 59,5 mill. kr. samanlikna med 2018. Denne auken skuldast i all hovudsak at HVL har avslutta gamle prosjekt. Auken må ein sjå på som ekstraordinær, og ikkje noko som vil vare ved.

Den samla bidrags- og oppdragsfinansierte verksemda (BOA) utgjer totalt 244 mill. kr., som er ein auke på om lag 68 mill. kr. samanlikna med 2018 (176 mill. kr). Av den samla BOA-verksemda utgjorde oppdragsverksemda om lag 65 mill. kr, noko som er ein auke på om lag 23,2 mill. kr. samanlikna med 2018.



Auken i både samla BOA-verksemd og overskot skuldast i hovudsak at høgskulen i 2019 avslutta fleire prosjekt med ekstra høge overskot, i tillegg til at ekstraordinært mange gamle prosjekt vart avslutta. Auken i BOA-aktivitet viser derfor ikkje eit generelt høgare aktivitetsnivå.

## **Relevans**

### Kandidatar i relevant arbeid

Sidan førre årsrapport har NIFU gjennomført ei undersøking blant nyutdanna kandidatar. Resultata frå denne blir ikkje klar før på våren 2020. I tidlegare undersøkingar har HVL fått gode tilbakemeldingar.

### Gjennomført pilot på tverrfagleg samarbeid på tvers av campusar

Det har i 2019 vorte jobba med å etablere eit fellesemne for alle fakulteta ved HVL, på tvers av alle campusar. Fellesemnet har fått namnet "Danning og akademisk handverk" og er nærare omtalt under strategiområde 1.

### Utdanningar som er utvikla eller vidareutvikla i samarbeid med arbeidslivet

HVL skal danne og utdanne kompetente kandidatar for arbeidslivet, og alle utdanningane blir utvikla og vidareutvikla i samarbeid med arbeidslivet ved at studieprogramråda har ekstern representasjon. I tillegg spelar HVL sine strategiske møteplassar og deltaking i klynger og nettverk inn på forståinga av kompetansebehova i samfunns- og arbeidsliv. Fakulteta har siste året gjort ein stor jobb med å harmonisere eksisterande studieportefølje etter fusjonen og startar opp studietilbod ved andre campusar enn tidlegare. Hausten 2019 vart det gjort opptak til desentralisert sjukepleie i Nordfjord og i Nord-Rogaland etter sterk etterspurnad frå kommunane i desse regionane. Nytt studieprogram var Bachelor i maritime management (samarbeid mellom HVL, UiT, NTNU og USN)

HVL tar på alvor arbeidet med livslang læring og har problemstillingar som knyter seg til *NOU 2019:12 Lærekräftig utvikling – Livslang læring for omstilling og konkurransevne* høgt på dagsordenen både gjennom representasjon i utvalet som arbeidde fram NOU-en og ved at Samhandlingsutvalet har overordna ansvar for å utarbeide handlingsplan for livslang læring. Etablering av Avdeling for utvikling av læring og undervisning i 2019 trur vi vil støtte opp om behova som melder seg ved utvikling av studietilbod i perspektiv av livslang læring. HVL har ein omfattande portefølje i utdanningar for etter- og vidareutdanning og oppdragsverksemd. FLKI har avtale om 50 vidareutdanningar på oppdrag frå Utdanningsdirektoratet og er dermed den største tilbydaren innan ulike nasjonale satsingar knytt til barnehage og skule. Døme på nye studietilbod ved FLKI:

- Fysisk og motorisk utvikling og aktivitet i barnehagen
- Nettstudium i språkutvikling og språklæring hos barn
- VIBU – vidareutdanning for barne- og ungdomsarbeidarar.

HVL har ein etterspurt kursportefølje som gir godkjenning og sertifisering for tilsette i laboratorium, takstmenn og dykkarar. I tillegg utviklar HVL kurs og studietilbod som skreddarsaum for oppdragsgivarar. Døme på dette er:


- Rusbehandling i psykisk helsearbeid, 7,5 studiepoeng (samarbeid med Korfor/Stavanger universitetssjukehus)
- Arbeidsleiing, fire emne a 7,5 studiepoeng (Forbundet for leiing og teknikk)
- Digital forretningsforståelse, 15 studiepoeng (Forbundet for leiing og teknikk).

I tillegg kjem fleire kurs og studietilbod som ikkje gir studiepoeng.

### Delte stillingar

HVL vil stimulere til auka relevans i utdanning og forskning i samarbeidet med samfunnsliv, næringsliv og offentleg sektor gjennom delte stillingar og utvikling av delte stillingar som omgrep. Bistillingar (stilling på topp av 100 % ved HVL) er den einaste forma for delte

stillinger som pr dags dato blir registrert. Pr januar 2020 var det 14 tilsette med registrerte bistillingar ved HVL.



**Har du en god idé?**  
..eller er bare interessert i innovasjon? Få gratis veiledning eller meld deg på våre aktiviteter arrangert av HVL Skape

BLI MED I ET TEAM    SEND INN IDÉ

**Samspill**  
Vi utvikler ny kunnskap i dialog med omverdenen og hverandre.

**Bærekraft**  
Vi skal være en drivkraft for bærekraftig utvikling.

**Nyskaping**  
Vi skal utruste studentene med kompetanse som gjør dem kreative, løsningsorienterte og nyskapende.

***Studenttilbod i innovasjon: HVL Skape er høgskulen sitt studenttilbod innan innovasjon og entreprenørskap, som strekkjer seg utover det som skjer i fag og emne. HVL Skape er eit tilbod for alle studieretningar og på alle campus. Sjå [www.hvl.no/skape](http://www.hvl.no/skape).***



**(Foto: HVL)**

## Strategiområde 4: Bygging av institusjonen

### Målbilete

Bygging av HVL som institusjon er ein føresetnad for å nå alle resultat- og effektmål.

For at HVL skal nå resultatmåla har HVL arbeidd etter to overordna strategiske mål og to verksemdsmål, som er utleide av HVL-strategien. Det er ingen spesifikke indikatorar knytt til desse måla.

### Strategiske hovudmål for HVL:

1. Høgskulen på Vestlandet skal bli eit universitet med ein tydeleg profesjons- og arbeidslivsretta profil tufta på samspel, berekraft og nyskaping.
2. Dei felles faglege satsingsområda skal styrkje den profesjons- og arbeidslivsretta profilen og vere gjennomgåande perspektiv i utdanning, forskning, formidling og samhandling.

### Konkrete verksemdsmål:

3. HVL skal vere ein berekraftig, effektiv og lærande organisasjon.
4. HVL skal ha eit godt og stimulerande arbeids- og læringsmiljø på alle campusane.

### Oppnådde resultat på nasjonale styringsparameter og måleparameter i utviklingsavtala:

<b>Relevante nasjonale styringsparameter:</b>	<b>Resultat 2018</b>	<b>Resultat 2019</b>
Prosentdel kvinner i dosent- og professorstillingar (%)	41,04 %	45,32 %
Prosentdel midlertidig tilsette i undervisnings- og forskarstillingar (%)	13,2 %	12,11 %

Tabell 18: Nasjonale styringsparameter strategiområde 4.

### Oppsummering av i kva grad HVL har nådd sine mål

#### Institusjonsbygging

For at HVL skal nå målet om å vere berekraftig, effektiv og lærande, må vi nytte og utvikle kompetanse og ressursar på best mogleg måte. Det er naudsynt å ha eit heilskapleg perspektiv på høgskulen si totale verksemd. Utvikling av god porteføljestyring, etablering av digitale verksemdstyringssystem, satsing på kompetanse- og leiarutvikling og auka merksemd på miljø og berekraft var i 2019 definert som aktuelle tiltak for å lukkast med dette. Utvikling av velfungerande campusar, både når det gjeld kjerneverksemd og infrastruktur, vil vere ein viktig del av dette heilskaplege arbeidet.

Institusjonsbygging er i strategien omfatta av kompetansebygging, organisasjonsutvikling og samhandling, internasjonalisering og digitalisering. Slike tiltak skal påverke vårt felles kulturelle grunnlag og medverke til at HVL skal kunne nå mål på utdanning, forskning, formidling og felles faglege satsingar, i tillegg til å oppnå universitetsstatus. Institusjonsbygging er både ein kontinuerleg prosess i fakulteta og eit administrativt felt med særleg merksemd.

#### Organisasjonsutvikling

HVL sin størrelse og kompleksitet tilseier at det til ei kvar tid går føre seg utviklingsarbeid i faglege og administrative einingar. 2019 har vore år to for dei nyetablerte fakulteta og

institutta. Gjennom året har det vore lagt ned eit betydeleg arbeid med å få dei organisatoriske rammene til å fungere som drivkrefter for integrasjon av fagmiljøa på tvers av campusar. Fakulteta har også arbeidd vidare med å byggje sterke forskings- og utviklingsmiljø som kan nå opp i konkurransen om eksterne middel. Nye administrative einingar med tilsette innplassert vart etablert 1.1.2019. For dei administrative einingane var 2019 eit år prega av å byggje saman dei administrative fagmiljøa, samordne rutinar og utvikle felles praksis. I tillegg vart det i 2019 lyst ut eit monaleg tal nye faste administrative stillingar. Formålet var å auke den administrative kapasiteten generelt og få inn ny kompetanse på strategisk viktige område.

HVL nytta også 2019 til å førebu oss på at tida framover vil krevje kontinuerleg merksemd på organisasjonsutvikling og digitalisering. Utviklinga skjer i dei faglege og administrative einingane, og støtta til dette arbeidet blir viktig. Dette skal skje delvis gjennom samarbeid med og kompetanseoverføring frå eksterne rådgivarar. Mykje arbeid i første halvdel av 2019 gjekk derfor med til å vurdere eksterne kompetansemiljø knytt til etablering av rammeavtaler for høvesvis organisasjons- og leiarutvikling og digitalisering.

I 2019 har mykje merksemd vore retta mot implementeringa av den faglege og administrative organisasjonsstrukturen. Strukturelle endringar har vore prioritert ned i påvente av rapporten frå NIFU knytt til følgjeevaluering av HVL-fusjonen. Eit viktig arbeid vart likevel gjort knytt til den siste eininga som ikkje hadde fått si endelege organisasjonsmessige plassering etter fusjonen, Senter for nye medier. I tillegg til at ein fekk ei avklaring på plasseringa, fekk vi hausta viktige erfaringar med alternative måtar å gjennomføre taktiske og strategiske val på. Slike måtar å korte ned tidsbruk til avgjerdsprosessar på vil gi både spennande opningar og utfordre etablerte handlemåtar i åra som kjem.

#### Leiarutvikling

I 2019 har arbeidet med oppstart og gjennomføring av ulike tiltak knytt til leiarutvikling vore sentralt. Det har vore store fellessamlingar og månadlege frukostar retta mot den samla leiargruppa. I tillegg har programmet "Leiing for kvalitet" starta. Det første kullet, med vel 30 leiarar og leiartalent, tar gjennom fleire samlingar opp sentrale tema i leiarskap. I tillegg har vi starta eit samarbeid med Universitetet i Stavanger knytt til deling av ressursar i aktivitetane «forskingsleiarprogrammet» og «kollegaretleiing». I tråd med planar for 2019 har intern kommunikasjon vore tema både på den årlege samlinga for alle leiarar ved HVL og på ein av dei månadlege leiarfrukostane.

#### Digitalisering

Digitaliseringsfeltet har fått mykje merksemd. Vi har på det reint tekniske feltet gjort vesentlege investeringar i teknologi for å kunne samhandle på tvers av campusar. Resultatet er at situasjonen knytt til møter på tvers er betydeleg betra, og mange opplever betring i undervisningstiltak på tvers. Sjølv om det framleis er trong for betydeleg opplæring, er bruken av videorom, Skype og Teams betydeleg betra.

Undervisningsretta tiltak vil få auka fagleg og økonomisk merksemd i 2020, etter kvart som fakulteta planlegg samordning og samkøring av utdanningar på tvers av campusar. Her er etableringa i 2019 av Avdeling for læring og undervisning særleg viktig for å koordinere krav og forventningar til utvikling og bruk av teknologi i undervisningsarbeidet. Systemet Kultura er vedtatt innført. Dette samspelear godt med Canvas. Omfang og tempo i investeringane er til drøfting.

Mykje av kapasiteten på IT-avdelinga går med til å drifte basissystem og fagsystem. Framover vil informasjonssikkerheitsarbeidet krevje meir merksemd.

Viktige tiltak for effektivisering av administrative praksisar er sett i verk. Dette er særleg knytt til å levere robotar til administrative einingar, samt utvikling av digitale skjema for meir effektiv og kvalitativt sikrere datafangst. Det står likevel att eit betydeleg arbeid med å effektivisere denne prosessen. Det dreier seg mellom anna om å rette opp i mangel på

dataflyt mellom ulike system, noko som reduserer effektiviseringsgevinsten. Vi må ta i bruk enda betre verktøy og tilpasse internt tempo og omfang til nasjonale endringsprosessar, både på administrative og undervisningsnære teknologiske løysingar. Her ser vi god gevinst av samarbeid både internt og eksternt. Vi er posisjonerte i dei nasjonale faggruppene i sektoren sitt arbeid med digitaliseringsstrategien.

Det har vore jobba med å endre Dokumentsenteret ved HVL frå hovudvekt på arkivtenester til ei meir aktiv informasjonsforvaltning, der sikker lagring, gjenfinning og gjenbruk av informasjon står sentralt. Dette er eit vesentleg grep for å gjere HVL lærande. HVL bidrar med kompetanse til Unit knytt til «Nytt sak-/arkivsystem».

HVL har ikkje gjennomført eit stort overordna prosjekt knytt til digital verksemdstyring, men alle digitaliseringstiltak som har systemintegrasjon som delmål, har også eit potensiale til å inngå i eit meir integrert sett av databasar for meir effektiv styring av ressursar i HVL. Eitt slikt hovudprosjekt, som er starta i 2019, er «Kompetanseportalen». Dette prosjektet har som mål å systematisere kunnskap om tilsette sin kompetanse og er nærare omtalt i kapittel V.

Hausten 2018 vart det starta opp eit prosjekt for å få på plass ein mekanisme for god prosjektstyring og god oversikt over prosjektporteføljen. Bakgrunnen for dette var at floraen av prosjekt ville auke etter kvart som talet på endrings- og digitaliseringsinitiativ stig. Dette prosjektet er no avslutta, og portalen vil bli opna 1.3.2020. Strategisk leiargruppe er porteføljestyre for dei tyngste digitaliseringsprosjekta.

I 2019 etablerte HVL Avdeling for utvikling av læring og undervisning, som inkluderer eininga Medielab, som produserer digitale undervisningsressursar. Oppbygging og utvikling av denne eininga vil stå sentralt for at HVL skal nå sine ambisjonar om høg kvalitet i undervisning. Avdelinga vil gi støtte til arbeidet med utdanningsfagleg kompetanseutvikling, studentaktiv læring og bruk av teknologi i utdanningane.

### Arbeidsmiljø og samhandling

Innplassering av administrativt tilsette vart gjennomført i starten av 2019, og året har vorte nytta til å få den nye organisasjonen på plass. Å få til samhandling og samordning av dei administrative funksjonsområda mellom fakultet og fellesadministrasjonen har hatt høg prioritet. Det vart mellom anna etablert eit administrativt forum for leiarar som skal stimulere til godt samspel og lik praksis i organisasjonen.

HVL har mål om å ha eit godt og stimulerande arbeids- og læringsmiljø på alle campusar. Eitt element i godt arbeidsmiljø og læringsmiljø handlar om å ha trygge omgivnader på campusane. I 2019 vart det gjennomført ei overordna ROS-analyse for å identifisere overordna risiko- og sårbarheitsforhold ved all drift i HVL. Prosessen involverte heile organisasjonen samt hovudtillitsvalde, hovudverneombod og Studenttinget. Deretter vart det gjennomført opplæring av alle dei lokale krisegruppene i proaktiv stabsmetodikk.

Campusråda skal stimulere til ei berekraftig utvikling av campusane. Dei er tverrfagleg samansette av fag, studentdemokrati og administrasjon. Dei er rådgivande organ til styringslinja og står fritt til å ta opp saker som opptar medlemmane.

I 2019 starta arbeidet med ei arbeidsmiljøundersøking i heile organisasjonen (Ark-undersøking i regi av NTNU). Den skal gjennomførast i november 2020, medan førebuingar og involvering i heile HVL vil starte i vårsemesteret.

Råd for likestilling, mangfald og inkludering vart etablert i 2019. Rådet fungerer som eit kompetanseorgan for å hindre diskriminering på grunnlag av kjønn, hudfarge, kulturell, politisk og religiøs tilhørrelse og arbeide for å fremje likestilling, mangfald og inkludering i organisasjonen. I 2020 skal det etablerast ein handlingsplan for dette feltet.

Det har vore ein marginal nedgang i prosentdel mellombels tilsette i undervisnings- og forskarstillingar frå 2018 til 2019, med reduksjon frå 13,2 % i 2018 til 12,11 % i 2019. Når det gjeld prosentdel kvinner i dosent- og professorstillingar, er dette omtalt under «Likestilling, mangfald , diskriminering og tilgjenge» i kapittel IV.

## ***Anna rapportering***

### ***Samfunns- og effektmål for byggjeprojekt***

Høgskulen på Vestlandet har dei siste åra hatt ein stor aktivitetsauke, og det er derfor stort arealbehov i form av både nybygg og også rehabilitering/renovering ved fleire av campusane. Det er utbyggingsprosessar ved fleire campusar, og desse er komne ulikt langt i plan, avgjerdsprosessar og iverksetting.

#### Campus Bergen

Det største nybygget er knytt til Bergen (Kronstad). Dette bygget vart godkjent av KD i 2017 som kurantprosjekt og blir gjennomført av Statsbygg. Byggjearbeidet skal vere fullført i februar 2020, og prøvedriftsfasen blir da igangsett. Prosjektet er i rute både når det gjeld framdrift og kostnader. Bygget skal vere ferdig til overtaking 1.4.2020, med forventa innflytting i august 2020. Bygget vil vere eit miljøbygg med 30 prosent mindre CO2-utslepp og vil mellom anna ha solcellepanel på taket.

Gjennom konseptet «aktivitetsbaserte arbeidsplassar» gir bygget meir fleksibel og dynamisk utnytting av areala, med deling av fasilitetar i høgsetet. Dette er i tråd med internasjonale trendar og legg til rette for at utdanning, forskning og andre kjerneoppgåver ved høgskulen kan skje i meir framtidretta former, samt at det bidrar til ønska byutvikling i området.

Nybygget vil innfri prosjektet sitt mål. HVL vil med dette bygget styrkje utdanning og forskning av høg internasjonal standard, med vekt på kunnskapsutvikling, nyskaping, kultur og livslang læring. HVL campus Bergen blir samla på ein campus, noko som vil gi synergieffektar og høgare effektivitet. Bygget vil ha moderne undervisningslokale med betre inneklima og universell utforming i tråd med forskriftskrav. Bygget vil ha vesentleg lågare energiforbruk med eit grønarare fotavtrykk.

HVL har inngått leigeavtale om leige av areal (BTA 1 000 m<sup>2</sup>) i samband med etablering av Helsecampus Årstadvollen (HCA). HCA skal etter planen vere ferdig medio 2020.

#### Campus Sogndal

Fullføringa og opninga av Gymnasbygget vart gjennomført i januar 2019. Bygget har gode og arealeffektive løysingar for campus Sogndal og fakultetet FLKI.

I samband med innflytting i Bragebygget vart det frigjort areal i Fossbygget. For å få ei effektiv arealutnytting må delar av Fossbygget bli bygt om. Der trengst både kontor og undervisningsrom. Dette arbeidet er ikkje starta, men HVL har sett i gang ei bestilling på kartlegging av areal og behov framover.

#### Campus Førde

Campus Førde har framleis behov for større undervisningslokale og meir areal til arbeidsplassar for tilsette. HVL er i gang med å vurdere alternativ for vidare utbygging. Høgskulen var i kontakt med Helse Førde om å leige areal hos dei i deira planlagde nybygg, men desse planane er utsette. Vi er derfor i dialog med Statsbygg for å sjå kva for alternativ som ligg hos dei.

### Campus Haugesund

I Haugesund har aktivitetsauken i bygget som stod klart på slutten av 90-talet vore så stor at det er behov for nye areal.

Statsbygg har gjennomført ein rom- og funksjonsanalyse som viser at dagens bygg ikkje har potensial for auka aktivitet. Med bakgrunn i konseptutvalnotat utarbeidd av Statsbygg 14.5.19, vedtok høgskulestyret å gå vidare med eit tilbygg med ei ramme på 4500m<sup>2</sup> BTA. Høgskulen har sendt bestillingsbrev for eit forprosjekt til Statsbygg.

### Campus Stord

Kroppsøvingshallen på Stord er frå 1920 og har dei siste åra vorte rehabilitert av Statsbygg. Det har vore eit sterkt ønske om å føre hallen tilbake til sitt opphavlege uttrykk, noko som har ført til at hallen ikkje kan brukast som ordinær idrettshall. Hallen har verken størrelse eller fasilitetar som tilfredsstillar dagens krav. Det er derfor behov for å byggje ein ny hall. Styret har ikkje hatt saka til handsaming i 2019.

### *Middel til oppgradering av forskings- og læringsareal*

HVL har ikkje mottatt middel frå Kunnskapsdepartementet for 2019.

### *Middel tildelt over andre kapittel*

#### 1 Grunnskulelærerutdanninga

Sum tildelte middel til utvikling av partnerskap i grunnskulelærerutdanninga (kap. 281 post 01) i ordinært tildelingsbrev for 2019 var kr 7 254 000. Midla er i hovudsak brukt til to prosjekt. Det første er «Partnerskapskoleprosjektet», som er eit samarbeidsprosjekt mellom Bergen kommune, Byrådsavdeling for barnehage og skole, og Høgskulen på Vestlandet. Gjennom ein fireårsperiode frå desember 2016 til desember 2020 er det prøvd ut ulike former for samarbeid som byggjer vidare på eit alt etablert forhold mellom dei to organisasjonane. Prosjektet er omfatta av ti grunnskular i Bergen kommune. For studieåra 2018/2019 og 2019/2020 har grunnskulelærestudentar frå to av førsteklasse ved HVL hatt praksis på same skule, over to år.

Det andre prosjektet handlar om «Lærerutdanningskular» og er eit forpliktande samarbeid mellom Høgskulen på Vestlandet og utvalde skular i nærregionane til våre studiestader i Sogndal, Bergen og Stord. Høgskulen på Vestlandet vil gjennom arbeidet knytast sterkare til praksisfeltet og styrkje relevansen når det gjeld forskingsbasering av lærerutdanninga. Representantar frå skulane skal kunna bidra inn i undervisninga ved HVL og sørge for aktualisering og relevans i lærerutdanninga. Prosjektperioden varar i fire år (2020-2024) og skal danne grunnlag for å samle erfaring med og utvikle gode modellar for samarbeid mellom lokale skuleeigarar og HVL. For å nå målsetjingane i «Lærerutdanning 2025», skal prosjektet etter avslutta pilotperiode skalerast opp til å gjelde samarbeid med fleire grunnskular. Etablering og utvikling av lærerutdanningsskular skal bli ei varig ordning i alle nærregionane, og seks skular i Bergen, Sogndal, Luster, Bømlo og Haugesund har fått status som lærerutdanningskular.

#### 2 Nye studieplassar

I supplerande tildelingsbrev 2019, etter at revidert nasjonalbudsjett vart vedtatt, fekk HVL fem nye studieplassar til ABIOK-utdanningar (vidareutdanning i anesthesi-, barne-, intensiv-, operasjon- og kreftsjukepleie). Det vart i 2019 tatt opp 14 fleire studentar på desse utdanningane. Det er interesse for studia, noko som gav auke i tal fram møtte.

#### 3 Saks-middel - tildelt over kap. 260 post 50 (løyvd i 2016-2018)

Høgskulen på Vestlandet fekk tildelt 11 mill. kr. over kap. 260 post 50 for 2016 – Saks-middel (samarbeid, arbeidsdeling, konsentrasjon og samanslåing), 39 mill. kr. for 2017 og 15 mill. kr.

for 2018. Midla skulle gå til arbeidet med samanslåing av dei tre institusjonane som var med i fusjonen. Det blir vist til supplerande tildelingsbrev frå KD av 28.6.2016, 11.1.2017 og 12.6.18.

Arbeidet med samanslåing og organisasjonsutvikling er svært tid- og kostnadskrevjande, og tildelte Saks-middel har ikkje dekkja dei reelle kostnadane knytt til dette arbeidet. Betydelege utgifter til både organisasjonsutvikling og større naudsynte investeringar i IT/AV-utstyr, for å kunne kommunisere godt digitalt over dei store geografiske avstandane, har vorte dekte over den vanlege tildelinga. Ved utgangen av 2018 hadde HVL om lag 9,8 mill. kr. i ubrukte Saks-middel. Desse er nytta fullt ut i 2019.

Midla er brukt til ei rekkje ulike tiltak for å sikre ei god omstilling og samanslåing av institusjonane. I 2019 har det vore vidare fokus på samanstilling av tekniske system og prosessar samt det å byggje ein felles institusjon på tvers av nærregionane.

#### 4 Tildelte middel til maritim kompetanseheving – via Universitetet i Sørøst-Norge

Markom2020 er eit nasjonalt prosjekt som skal bidra til å heve kvaliteten i maritim profesjonsutdanning. Prosjektet er eigd av NTNU i Ålesund, Høgskulen på Vestlandet, Universitetet i Sørøst-Norge (USN) og UiT – Norges arktiske universitet og er finansiert over statsbudsjettet. Til grunn for prosjektet ligg «Stø kurs – Regjeringas strategi for miljøvennleg vekst i dei maritime næringar» og Marut-utvalets rapport «Maritim profesjonsutdanning – forslag til ny nasjonal struktur for maritim offisersutdanning». Prosjektet er administrert av USN og har ei styringsgruppe med deltakarar frå kvar av dei fire institusjonane, studentane og frå organisasjonar knytt til maritim næring.

HVL fekk tildelt kr. 6 693 000 til dette og har brukt om lag fem mill. kroner i 2019 av dei tildelte Markom-midla. Kr 359 000 skal tilbakebetalast, og om lag 1 330 000 blir søkt overført til 2020.

Konsortiumet COAST fekk status som Senter for fremragende utdanning (SFU). COAST står for «Centre of Excellence in Maritime Simulator Training and Assessment» og er eit samarbeid mellom Høgskulen på Vestlandet, Universitetet i Sørøst-Norge (USN), Norges teknisk-naturvitenskaplege universitet (NTNU) og Universitetet i Tromsø (UiT), med USN som vertsinstitusjon. COAST er resultat av samarbeidet i det nasjonale prosjektet MARKOM2020 og vil styrke koplinga mellom undervisning, forskning og simulering – tett på arbeidslivets behov.



## Resultat på nasjonale styringsparametrar

<b>Styringsparameter</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>
Prosentdel studentar på bachelorutdanning som gjennomfører på normert tid	56,45	56,69	58,2	57,94
Prosentdel studentar på masterutdanning som gjennomfører på normert tid	64,38	56,25	65,13	55,49
Skår på korleis studentane oppfattar studiekvaliteten	3,99	4,04	3,98	3,93
Fagleg tidsbruk (timer) per veke blant heiltidsstudentar	35,16	34,27	32,74	32,88
Tal publiseringspoeng per fagleg årsverk	0,48	0,53	0,54	-
Verdien av Horisont 2020-kontraktar per FoU-årsverk	4 314,65	-	-	-
Prosentdel utreisande utvekslingsstudentar på Erasmus+ av totalt tal studentar	0,49	0,55	0,64	0,65
Prosentdel mastergradkandidatar sysselsett i relevant arbeid eit halvt år etter fullført utdanning	-	89,25	-	-
Bidragsinntekter frå Forskningsrådet per fagleg årsverk	43,79	43,03	42,14	44,37
Andre bidrags- og oppdragsinntekter per fagleg årsverk	105,09	105,68	93,96	131,77
Prosentdel forskingsinnsats i matematiske, naturvitskaplege og teknologiske fag (MNT-fag)	-	31	-	-
Kandidattal på helse- og lærarutdanningane	1548 <sup>24</sup>	1698	1898 <sup>25</sup>	2011
Tal studiepoeng per fagleg årsverk	614,85	600,25	579,56	569,01
Prosentdel kvinner i dosent- og professorstillingar	36,99	41,31	41,04	45,32
Prosentdel midlertidig tilsette i undervisnings- og forskarstillingar	14,62	13,36	13,2	12,11

Tabell 19: Resultatutvikling nasjonale styringsparameter 2016-2019.

<sup>24</sup> Tal endra på DBH frå Årsrapport 2018. Da var talet 1514.

<sup>25</sup> Tal endra på DBH frå Årsrapport 2018. Da var talet 1885.

## Måleparameter i utviklingsavtala

Måleparameter eller milepålar utviklingsavtala	Resultat 2018	Resultat 2019
Omfang av deltaking i klynge- og nettverkssamarbeid		80-100 <sup>26</sup>
Aktive Råd for samarbeid med arbeidslivet (RSA) og utvikling av strategiske møteplassar		2 RSA + 10 andre strategiske <sup>27</sup>
Kandidatar i relevant arbeid (kandidatundersøkinga)	88 %	-
Gjennomført pilot på tverrfagleg samarbeid på campus		- <sup>28</sup>
Talet på utdanningar som er utvikla eller vidareutvikla i samarbeid med arbeidslivet		- <sup>29</sup>
Talet på delte stillingar med arbeidslivet		14 <sup>30</sup>
Talet på førstekompetente, professorar og dosentar	53,2 %/12,5 % <sup>31</sup>	56,2 %/14,1 % <sup>32</sup>
Talet på internasjonale professor II-stillingar	20	23
Talet på offentleg-ph.d. og nærings-ph.d. i doktorgradsprogramma	1	2
Talet på masteroppgåver knytt til eigen forskingsaktivitet		35 <sup>33</sup>
Gjort forskinga relevant for FNs berekraftsmål		- <sup>34</sup>
Arbeid og framdrift i etablert samarbeidsorgan mellom HVL og UiB		- <sup>35</sup>
Talet på vurderingsordningar med digitale løysingar	51,5 % <sup>36</sup>	55,60 %
Talet på tilsette med formell pedagogisk basiskompetanse		- <sup>37</sup>
Talet på nettstøtta utdanningar	13 (400 studentar)	13 (475 studentar)
Talet på bachelor- og masteroppgåver i samarbeid med arbeidslivet		438 <sup>38</sup>

Tabell 20: Resultatutvikling måleparameter utviklingsavtale 2018-2019.

<sup>26</sup> Har ikkje komplett oversikt over alle klynge- og nettverkssamarbeid. Det er ulike definisjonar og forståingar, samt at det blir jobba ulikt med klynge- og nettverkssamarbeid i ulike delar av verksemda.

<sup>27</sup> Ei mengde studieprogramråd kjem i tillegg.

<sup>28</sup> Ikkje mogleg å rapportere i konkrete tal, omtalt i teksten under dei aktuelle strategiområda.

<sup>29</sup> Ikkje mogleg å rapportere i konkrete tal, omtalt i teksten under dei aktuelle strategiområda.

<sup>30</sup> Gjeld berre bistilling på topp av 100 % stilling ved HVL. Har ikkje registrert delte stillingar (deltidsstilling både på HVL og andre arb.gjevar(ar) eller kombinerte stillingar (dei som er frikjøpt i delar av stillinga).

<sup>31</sup> Vi finn det mest tenleg å sjå på del (%) framfor tal. Del førstekompetanse av faglege (UFF) årsverk og del professorar/dosentar av faglege (UFF) årsverk.

<sup>32</sup> Vi finn det mest tenleg å sjå på del (%) framfor tal. Del førstekompetanse av faglege (UFF) årsverk og del professorar/dosentar av faglege (UFF) årsverk.

<sup>33</sup> Registreringssystem under utarbeiding. I 2019 var det berre ca 70 % av dei oppmeldte som hadde moglegheit til å huke av for dette valet.

<sup>34</sup> Ikkje mogleg å rapportere i konkrete tal, omtalt i teksten under dei aktuelle strategiområda.

<sup>35</sup> Ikkje mogleg å rapportere i konkrete tal, omtalt i teksten under strategiområde 1.

<sup>36</sup> I årsrapport 2018-2019 var dette talet 46%. Årsaka er at datagrunnlaget er trekt ut annleis. Tala i tabellen er no samanliknbare mellom åra.

<sup>37</sup> Ikkje mogleg å rapportere i konkrete tal, omtalt i teksten under dei aktuelle strategiområda.

<sup>38</sup> Registreringssystem under utarbeiding. I 2019 var det berre ca 70 % av dei oppmeldte som hadde moglegheit til å huke av for dette valet.

# Kapittel IV Styring og kontroll i verksemda

## *Styring og kontroll*

### **Overordna system for risikovurdering**

«Reglement for økonomistyring i staten», §4 og §14, og «Bestemmelser om økonomistyring i staten», kapittel 2.4, slår fast at alle statlege verksemdar skal tilpasse styring, oppfølging, kontroll og forvaltning til verksemda ut frå visse kriterium. Det gjeld kor vesentlege sakene er, verksemda sin eigenart og risiko.

HVL har etter fusjonen arbeidd med å utvikle felles strukturar knytt til heilskapleg styring, inkludert risiko- og kontrollaktivitetar. Det har mellom anna vore gjort eit stort arbeid knytt til å kartleggje alle administrative prosessar og innføre felles strukturar og praksis.

Høgskulen inngjekk i 2018 ein avtale med NIFU, Nordisk institutt for studiar av innovasjon, forskning og utdanning, om å gjennomføre ei følgjeevaluering av fusjonen. Evalueringa starta hausten 2018, og endeleg rapport vart levert februar 2020. Evalueringa skulle mellom anna svare på om dei valde løysingane er formålstenlege for å nå høgskulen sine strategiske målsettingar. Funn i evalueringa viser at høgskulen mellom anna har utfordringar knytt til styring og kontroll. Eit sentralt funn er at styringslinjene er uklare for mange tilsette. Dette har heller ikkje vorte tydelegere mellom 2018 og 2019, men faktisk vorte meir utydeleg. Dette har gitt auka frustrasjon og slitasje i organisasjonen. Det er også eit behov for å styrkje den strategiske dimensjonen i styringa av heile høgskulen. Evalueringa gir mange tydelege råd om den vidare utviklinga av høgskulen. HVL vil arbeide med å følge opp råda i 2020, både på institusjonsnivå og på dei enkelte fakulteta/einingane.

Tidlegare år har ikkje HVL hatt eit eige dokument knytt til årsplan, men vi har nytta kapittel V «Framtidsutsikter» i årsrapporten som årsplan, der vi har beskrive dei viktigaste planane og prioriteringane kommande år. Frå 2020 vil årsplanen vere eit eige dokument, og den tar utgangspunktet i eit målbilete for dei fire strategiområda i HVL-strategien. Til kvart målbilete er det knytt ei overordna vurdering av risikoen for å ikkje nå mål, prioriteringar for å nå mål og ta ned risiko og måltal for utvalde indikatorar. Det skal bli arbeidd fram ein handlings- og leveranseplan med dei viktigaste aktivitetane og leveransane i 2020. Dei ansvarlege skal rapportere på planstatus tertialvis, og planarbeidet skal evaluerast før 1.6.20.

### **Overordna vurdering av tilstanden for styring og kontroll i institusjonen**

Den overordna vurderinga er at HVL har rimeleg god styring og kontroll innan dei enkelte verksemdsområda, men med nokre forbetningspunkt. Risikoen for brot på lovar og reglar blir vurdert som forholdsvis låg, kvaliteten på rapporteringa som forholdsvis god og risikoen for vesentlege feil som forholdsvis låg. Drifta er rimeleg effektiv og målretta.

På overordna nivå har HVL ei rekkje mål, men har i særskildt avgrensa grad operert med konkrete måltal. Tertialvise økonomirapportar med kommentarar frå fakultet og avdelingar bidrar til god økonomistyring, at ein får avdekka feil og manglar og at ein når måla knytt til økonomisk balanse og påliteleg og relevant rekneskapsinformasjon. Frå og med 2020 vil ein i samband med den tertialvise økonomirapporteringa i tillegg rapportere på planstatus knytt til årsplan. I årsplanen har ein måltal for utvalde indikatorar, og tertialvise rapporteringar på dette vil gjere det lettare å få oversikt over status. Dermed blir vi i stand til å setje inn naudsynte tiltak på eit tidlegare tidspunkt slik at vi lettare når dei fastsette måla.

HVL har eit internrevisjonssamarbeid med Universitetet i Agder, Universitetet i Stavanger og Nord universitet. Internrevisjonen har til oppgåve å evaluere og forbetre effektiviteten og vurdere kor tenleg organisasjonen sine prosessar knytt til styring og kontroll er. I 2019 vart det gjennomført to revisjonar i dette samarbeidet; «varsling av kritikkverdige forhold» og «fullmakter og systemtilgangar i verksemda». I etterkant av kvar revisjon blir det utarbeidd

ein rapport med forslag til tiltak. Dette bidrar til kontinuerleg forbetningsarbeid og er dermed med på å bidra til at HVL når fastsette mål.

### **Nærare omtale av vesentlege forhold ved styring og kontroll**

Det er ikkje avdekket økonomisk mishald i 2019.

HVL fekk ingen merknader frå Riksrevisjonen i 2019 knytt til revisjonen for 2018.

### ***Inkluderingsdugnad***

Gjennom tildelingsbrevet frå KD har HVL fått i oppdrag å arbeide systematisk for å realisere regjeringa sin inkluderingsdugnad og utvikle rutinar og arbeidsformer i personalarbeidet med sikte på å nå måla for dugnaden.

HVL har arbeidd for å auke medvitet om inkluderingsdugnaden, og har mellom anna inkludert informasjon i opplæringstilbod som gjeld tilsetting. HR-rådgivarar har i tillegg hatt eit særleg fokus på å informere leiarar om regelverket knytt til innvandrarbakgrunn/nedsett funksjonsevne/hol i CV i samband med intervjuprosessen, og alle utlysingstekster for ledige stillingar ved HVL inneheld følgjande formulering: «Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er derfor eit personalpolitisk mål å oppnå ein balansert alders- og kjønnsamansetning og rekruttere personar med minoritetsbakgrunn, nedsett funksjonsevne og hull i CV. Høgskulen på Vestlandet er ei IA-verksemd».

I 2019 har det vore ei utfordring at rekrutteringsverktøyet ikkje har hatt funksjonalitet for å registrere hol i CV-en. Dette er no på plass, så frå 2020 vil det vere mogleg å få statistikk på dette området. Store delar av tilsettingane ved Høgskulen på Vestlandet gjeld faste undervisnings- og forskarstillingar. I desse tilsettingsprosessane blir rangeringa av kandidatar bestemt gjennom sakkunnig vurdering (jf. forskrift), og det å særleg tilgodesjå kandidatar med hol i CV og/eller nedsett funksjonsevne er i desse tilfella derfor ikkje mogleg. HVL har ikkje nytta seg av traineeprogramma for personar med nedsett funksjonsevne og høgre utdanning i 2019, men har tilsett ein medarbeidar med opplyst nedsett funksjonsevne. Dette utgjør 0,5 % av tilsettingane ved HVL.

### ***Arbeidslivskriminalitet***

Offentlege oppdragsgivarar har eit særskild ansvar for å motverke arbeidslivskriminalitet. Dette omfattar oppfølging av skatte- og avgiftsattestar, krav til lønns- og arbeidsvilkår og avgrensingar i leverandørkjeda. Forskrift om lønns- og arbeidsvilkår gjeld for tenester og byggje- og anleggskontraktar med verdi over 1,3 millionar kroner. Høgskulen stiller krav til leverandørane i samband med kunngjeringar og tildelingar av offentlege kontraktar. Ut frå ein risiko- og proporsjonalitetsvurdering har vi ikkje gjennomført ytterlegare kontrollar hos leverandørane. Ein del av desse kontraktane er likevel også større rammeavtaler, der denne kontrollfunksjonen ligg til t.d. Difi eller Unit. Dokumentasjon for betalt skatt og avgift blir kravd inn ved alle anskaffingar over kr. 500 000.

### ***Tryggleik og beredskap***

I november 2018 gjennomførte KD tilsyn på krise- og beredskapsarbeidet til HVL. KD oppfordra HVL til å utarbeide ein heilskapleg rapport der analysar av alle relevante uønska hendingar er presentert. I 2019 vart det utarbeidd ein slik rapport, og i den samanheng vart det gjennomført eit grundig arbeid med å få kartlagt og vurdert overordna risikoar i HVL. I

rapporten har HVL i hovudsak valt å gjennomføre ros-analyse slik det blir tilrådd i Styringsdokumentet for samfunnssikkerheit og beredskap i kunnskapssektoren. I rapporten vart det foreslått tiltak, med ansvarlege og tidshorisont for gjennomføring av tiltak.

### **Informasjonssikkerheit**

I 2019 vedtok HVL eit nytt system for informasjonssikkerheit. Målet er at alle informasjonsverdiar til ei kvar tid er tilfredsstillande sikra mot brot på konfidensialitet, integritet og tilgjenge. Høgskulen sitt leiarssystem for informasjonssikkerheit er basert på ein rettleiar frå Uninett, men er tilpassa HVL sine behov og risikovurderingar. Høgskulen har etablert eit forum for informasjonssikkerheit, som mellom anna skal gi råd til høgskuleleiinga om tiltak/initiativ som fremjar informasjonssikkerheita, inkludert ressursbehov. I 2019 tilsette HVL sitt eige personvernombod. Funksjonen skal vere ein rådgivande ressurs for både studentar og tilsette.

### **Øvingar**

Høgskulen gjennomførte ei beredskapsøving på Campus Sogndal mars 2019. Øvinga var ei felles beredskapsøving for aktørar som held til på campusen. HVL hadde to mål for øvinga i forkant: Setje krisestab og samhandling med andre aktørar på campusen og andre relevante aktørar.

Evalueringsrapporten etter øvinga peikte på område som høgskulen må arbeide vidare med, som til dømes plan for auka samarbeid med dei andre aktørane på campusen, felles plan for intern og ekstern kommunikasjon (medieplan) og gjensidig avtale for varsling og varslingsrutinar.

Etter øvinga er det no oppretta tiltak for å arbeide vidare med rutinar, planar og øving på fleire campusar. Tiltaka skal inn i eit systematisk årshjul. HVL vil framleis basere beredskapsøvingane etter DSB sine rettleiarar.

### **Likestilling, mangfald, diskriminering og tilgjenge**

Høgskulen sin strategi for perioden 2019-2023 slår fast at «mangfald, medverknad, likestilling og HMS-arbeid skal stå sentralt i utviklinga av organisasjonen». I 2019 vart Rådet for likestilling, mangfald og inkludering etablert. Rådet er eit kompetanseorgan som har fått i oppgåve å meisle ut ein framtidsretta handlingsplan for likestilling, mangfald og inkludering. Handlingsplanen vil bli vedtatt våren 2020.

Sjølv om ikkje handlingsplanen er vedtatt, så har det vore stort fokus på kjønnslikestilling. Resultata finn ein i DBH; 44,9 % av professorane er kvinner. Av dosentane er 43,2 % kvinner. I leiarstillingar (rektorat, dekanar m fl.) er det 56,5 % kvinner og i mellomleiarstillingar 64,5 % kvinner. Dette er gode tall, men høgskulen har likevel utfordringar med låg kvinneprosent i enkelte av ingeniørfaga. På kvinnedominerte fag er prosentdel menn låg. Dei generelt gode tala er eit resultat av langsiktig arbeid ved dei tre fusjonerte høgskulane.

Den nasjonale undersøkinga av mobbing og trakassering i UH-sektoren viste at også HVL har utfordringar på dette området. Auka merksemd rundt ulike former for trakassering blant studentar og tilsette er tatt på alvor. HVL har rutinar for konflikthandtering og oppfølging av mobbing/trakassering. Temaet har fått stor merksemd på dei ulike leiarutviklingsprogramma. Eit system/kanal for varsling («sei-ifrå») er på plass for både studentar og tilsette.

Arbeidet med universell utforming av bygningar, læringsmiljøet og campusområdet er ein viktig del av tilrettelegging for personar med nedsett funksjonsevne. Handlingsplanen for likestilling, mangfald og inkludering vil leggje viktige premiss for arbeidet på feltet.

# Kapittel V Framtidsutsikter

## *Omtale av framtidsutsikter*

Framtidsutsiktene må sjåast i lys av HVL sin strategi, som viser våre langsiktige vegval retta mot ein tydeleg profesjons- og arbeidsretta profil. Sentralt i profilen står at vi skal skape ny kunnskap og kompetanse som er forankra internasjonalt og som byggjer og utviklar menneske og samfunn lokalt. Vi har eit mål om å bli eit universitet fordi det vil styrkje den profesjons- og arbeidslivsretta profilen og betre vår evne til å nå strategiske mål.

Profilen vår kviler på at vi samspelar godt internt og med omverda, at vi er ei drivkraft i berekraftig utvikling og at vi klarar å omsetje kunnskap og kompetanse til nyskaping. Dette er viktig for arbeids- og samfunnslivet på Vestlandet, mellom anna for å dekkje behovet for kandidatar med rett kompetanse både på kort og lang sikt. Det er også viktig for HVL, fordi samspel, berekraft og nyskaping er avgjerande for å kunne utvikle høgskulen i tråd med langtidsplanen for høgare utdanning, realisere gevinstane av strukturreform og levere i tråd med våre eigne verksemdsmål og måla i utviklingsavtala.

Dei gjennomgåande strategiske satsingsområda er kompetansebygging, organisasjonsutvikling og samhandling, internasjonalisering og digitalisering. Dette dannar bakteppet for prioriteringar av strategiske middel. For å nå dei langsiktige måla er det avgjerande at vi klarar å auke ressurstilgangen og prioritere ressursane vi rår over på ein tenleg måte.

Under risiko og planar seinare i dette kapittelet beskriv vi nærare mål, risiko, prioriteringar og tiltak knytt til dei fire områda i strategien for 2020. Ei rekkje prosjekt vil dessutan vere fleirårige. Dette gjeld til dømes universitetsprosjektet, internasjonaliseringsprosjektet, rekrutteringsprosjektet og det strategiske kompetanseprosjektet.

### Universitetsprosjektet

HVL har eit overordna mål om å bli eit profesjons- og arbeidslivsretta universitet innan 2023. Gjennom å satse meir på forskning og utviklingsarbeid knytt til dei utdanningane vi driv, kan vi oppdatere dei og gjere dei betre. HVL står med sine fem studiestader godt til for å bidra til innovasjon og utvikling av arbeids- og næringslivet i Vestlandsregionen. Vår fordel er at vi er tett på næringslivet og samfunnet.

Kjenneteiknet vårt skal vere praksisnær forskning og relevante utdanningar, attraktive for studentar og arbeidsgivarar. Det er heilt i tråd med nasjonal kunnskapspolitik. Som universitet får vi sjølv rett til å opprette og endre studieprogram på alle nivå. Dermed kan vi enklare tilpasse studietilbod til det som er etterspurt i arbeidslivet lokalt og regionalt.

I 2020 vil det bli jobbe vidare med kartlegging og dokumentasjon av krava for universitetsakkreditering. Målet er innan sommaren 2020 å identifisere eventuelle område der vi må setje inn særskilde tiltak. Innan utgangen av 2020 skal eit grovutkast til søknad vere klart, basert på den nye rettleiaren som kom frå Nokut i februar. Vi har mål om å levere søknaden innan utgangen av 2022, for å bli universitet i 2023.

### Internasjonaliseringsprosjektet

Internasjonalisering er eit prioritert område for å nå ambisjonen om å bli eit universitet med ein tydeleg profesjons- og arbeidslivsretta profil, og styret har vedtatt at HVL skal etablere og gjennomføre eit internasjonaliseringsprosjekt som omhandlar sentrale delar av verksemda. Våren og hausten 2019 har vorte brukt til å utvikle, vedta og forankre Internasjonaliseringsprosjektet i institusjonen, samt etablere ei prosjektgruppe. Det overordna målet for prosjektet er å bygge kultur for internasjonalisering i HVL, og prosjektet omfattar sentrale delar av HVL si verksemd.

Prosjektet er organisert i fem tiltaksområde: Internasjonal student- og tilsettmobilitet, internasjonalisering av studieprogram, internasjonal rekruttering og integrering, internasjonal synleggjering og internasjonalt forskingssamarbeid. I tillegg skal vi utarbeide ein handlingsplan for internasjonalisering i HVL. Tiltaka i prosjektet er i hovudsak tenkt gjennomført i 2020.

Eitt tiltak knytt til Internasjonaliseringsprosjektet vart starta hausten 2019, eit eige Digitaliserings- og promoteringsprosjekt for å forenkle utvekslingsprosessen for både studentar, saksbehandlarar og studierettleiarar. Det overordna målet med prosjektet er å få fleire til å velje utveksling gjennom Erasmus+. Dette skal skje gjennom to delmål, digitalisering av utvekslingsprosessen og betre og meir målretta marknadsføring av utvekslingstilbodet. Det er Erasmus+ som blir promotert for utreisande studentar, og det er Erasmus-prosessen vi ønsker å forenkle. Det blir likevel forventa at dette vil ha effekt på det generelle talet av søkjarar.

I vektlegging av Europa som utvekslingsdestinasjon er det ikkje berre eit ønske om å auke tala som står i fokus, men og klima og miljø. Vi lanserte eit miljøstipend for studentar som dreg miljøvennleg på utveksling til Europa hausten 2019. HVL var først ute i Noreg med eit slikt stipend. Vi håper at miljøstipendet vil vere eit fruktbart verkemiddel, saman med Erasmus+-stipendet, som får fleire studentar til å velje Europa. Studentar som vel å reise miljøvennleg, kan vere med i trekninga av eit miljøstipend på 2000 kr. Vi forventar å sjå ytterlegare resultat av Digitaliserings- og promoteringsprosjektet i 2020 og framover.

#### Rekrutteringsprosjektet

HVL vedtok i 2019 ein felles overordna Studentrekrutteringsstrategi for 2019-2023. I tillegg vart det gjennomført ei studentrekrutteringsundersøking. Basert på vedtatt strategi og resultat av undersøkinga, er det ulike tiltak som vil bli prioritert i åra framover.

I studentrekrutteringsarbeidet er det stadige endringar i kva moglegheiter vi har til å ta kontakt med potensielle studiesøkjarar. I 2020 kan vi ikkje ringe eller kontakte førsteprioritetsøkjarane våre slik vi har gjort tidlegare år, grunna GDPR-reglane. Truleg vil Samordna opptak ha ei løysing for dette neste år. Dette gjer at vi må kompensere for denne kontakten gjennom målretta remarketingannonsering og enda betre informasjon på nettsidene våre fram mot studiestart.

Frå og med desember 2020 vil ikkje studietilbodssidene våre innehalde årstal og bli bytta ut kvart år. Dette gjer at sidene vil få betre organiske treff når ein t.d. googlar. I 2020 skal vi dessutan lage eit rekrutteringshjul og ein eigen rekrutteringsplan for etter- og vidareutdanningane. I tillegg vil ein framover satse på ein profileringskampanje som skal byggje opp om rekrutteringsarbeidet, satse ein del på digital marknadsføring og ein meir langsiktig merkevarekampanje for å byggje både HVL og campusane.

#### Strategisk kompetanseutviklingsprosjekt

Kompetansebygging og strategisk tilsetterekruttering er ein føresetnad for realisering av universitetsambisjonen. Det er også viktig for utvikling og akkreditering av våre utdanningar. Arbeidet med kompetanseutvikling er fleirsidig, med særskild merksemd på å etablere eit system for oversikt og framskriving av kompetansesituasjonen, eigne kompetanseutviklingsprogram i fakulteta og ein kompetanseportal med tilbod om kurs og opplæring.

Eit felles system for oversikt og framskriving av kompetansesituasjonen skal gi eit heilskapleg kompetansebilete og synleggjere formalkompetanse, pedagogiske kompetanse, digital kompetanse etc. Dette vil gi fakulteta eit kunnskapsgrunnlag til å drive strategisk kompetanseutvikling og tilsetterekruttering. Fakulteta kan da meir målretta vidareutvikle

sine kompetanseutviklingsprogram, med tilhøyrande tiltak i form av stipendordningar etc. Ein kompetanseportal skal samle alle tilbod om kurs og opplæring/utvikling for våre tilsette. I tillegg vil system for meritering av undervisning, kompetanseutviklingstiltak for administrativt tilsette og eventuell framtidig tilslutning til Charter and code stimulere kompetanseutvikling i organisasjonen.

## Risiko og planar

Strategien er delt inn i fire område, med konkrete verksemdsmål fram mot 2023. I HVL si planlegging har vi sett saman eit målbilete av sektormål, verksemdsmål og mål i utviklingsavtala, for kvart av desse fire områda. Under kvart målbilete har vi vurdert risikoen for å ikkje nå måla og prioriteringar for å nå mål og redusere risiko. Til prioriteringane er det utarbeidd konkrete handlingsplanar og måltal for dei viktigaste indikatorane og parameterane.

Den overordna risikoen for at HVL ikkje når mål kan summerast i at høgskulen ikkje er relevant både for studentar, noverande og framtidige arbeidstakarar og arbeidslivet på Vestlandet. Derfor arbeider vi ut frå eit overordna verksemdsmål om å bli eit profesjonsuniversitet med arbeids- og næringslivsretta profil og prioriterer som vi gjer innanfor kvart strategiområde.

### Strategiområde 1: Danne og utdanne høgt kompetente kandidatar til det beste for samfunnet

Målbilete	
<i>Sektormål (tilpassa til dette strategiområdet):</i>	
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Høg kvalitet i utdanninga.</li> <li>• Utdanning for velferd, verdiskaping og omstilling.</li> <li>• God tilgang til utdanning.</li> </ul>	
<i>HVL verksemdsmål:</i>	
<ul style="list-style-type: none"> <li>• HVL skal vere kjent for å ha studentar som trivst og lukkast.</li> <li>• HVL utdannar kritisk reflekterte kandidatar som er attraktive for arbeids- og samfunnsliv regionalt, nasjonalt og internasjonalt.</li> </ul>	
<i>Relevante mål i utviklingsavtala:</i>	
<ul style="list-style-type: none"> <li>• HVL skal utvikle framtidsretta, varierte og studentaktive lærings- og vurderingsformer for å heve kvaliteten på utdanningane og gjere relevant kunnskap tilgjengeleg for samfunnsliv, næringsliv og offentleg sektor.</li> <li>• HVL skal gjere profesjons- og arbeidslivsretta kunnskap tilgjengeleg for fleire i eit livslangt læringsperspektiv og skal aktivt trekkje studentane inn i samarbeidet med forskings- og arbeidsliv på Vestlandet gjennom studentoppgåver.</li> <li>• HVL skal samarbeide med UiB om lærarutdanning ved å tilby fag til kvarandre der institusjonane har komplementær kompetanse. Samarbeid om FoU og vidareutdanning skal utviklast vidare.</li> </ul>	
Dette må vi lukkast med (kritiske suksessfaktorar)	
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Eit godt læringsmiljø og eit aktivt studentdemokrati.</li> <li>• Utdanningar som er utvikla og gjennomført i samarbeid med arbeidslivet.</li> <li>• Utdanningar med høg kvalitet og internasjonal dimensjon.</li> </ul>	Overordna risiko
	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Manglande gjennomstrøyming og studentrekruttering.</li> <li>• Misnøgde studentar.</li> <li>• Implementere nye og samkøyrd studieplanar – samstundes som studentar fullfører etter tidlegare planar.</li> </ul>



<ul style="list-style-type: none"> <li>• God studentrekruttering og godt kvalifiserte søkjarar til alle campusar.</li> <li>• Studentar som fullfører på normert tid.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Utdanningar som ikkje er relevante nok, og for låg kvalitet.</li> <li>• Svikt i digitalt utstyr.</li> </ul>
<b>Sentrale prioriteringar 2020</b>	<b>Døme på tiltak 2020</b>
Studentrekruttering.	Gjennomføre tiltak i handlingsplan.
Samhandling og kommunikasjon med studentane.	Starte prosjekt studentkommunikasjon.
Halde fram satsinga på førsteårsstudenten.	Gjennomføre pilot, mentor-ordning
Utvikle og gjennomføre samordna utdanningar.	
Satsing på høgskulepedagogikk.	Gjennomføre kurs
Ta i bruk digitale verktøy i utdanningane.	Innkjøp digitale verktøy
Utvikle fleksible utdanningstilbod.	Søke prosjektmiddel DIKU
Praksissamarbeid og samhandling med arbeidslivet.	Utvikle samhandlings- og arbeidslivsportalar.
Følg opp tiltak i kompetansereform – « <i>Lære hele livet</i> »	
<b>Relevante indikatorar og parameter</b>	<b>Resultat Måltal</b>
N = nasjonale, U = utviklingsavtala, G = gevinstrealiseringsplanen	<b>2019 2020</b>
N Prosentdel studentar på bachelorutdanning som gjennomfører på normert tid	57,94 % 60 %
N Prosentdel studentar på masterutdanning som gjennomfører på normert tid	55,49 % 65 %
N Fagleg tidsbruk (timer) per uke blant heiltidsstudentar	32,88 35,0
N Skår på korleis studentane oppfattar studiekvaliteten	3,93 4,0
N Tal studiepoeng per fagleg årsverk	569,01 600
N Prosentdel utreisande utvekslingsstudentar på Erasmus+ av totalt tal studentar	0,65
N Kandidatmåltal på helse- og lærarutdanningar	2011
U Talet på vurderingsordningar med digitale løysingar	55,6 %
U Talet på tilsette med formell pedagogisk basiskompetanse	
U Talet på nettstøtta utdanningar	13
U Talet på bachelor- og masteroppgåver i samarbeid med arbeidslivet	438
U Arbeid og framdrift i etablert samarbeidsorgan mellom HVL og UiB	
G Skår på korleis studentane oppfattar studiekvaliteten	3,93 4,0
G Tal studentar på nettbaserte og desentraliserte utdanningar	875

Tabell 21: Målbilete strategiområde 1.

## Strategiområde 2: Drive forskning, utviklingsarbeid og innovasjon av høg internasjonal kvalitet

Målbilete		
<i>Sektormål (tilpassa til dette strategiområde):</i>		
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Høg kvalitet i forskning</li> <li>• Forsking for velferd, verdiskaping og omstilling</li> </ul>		
<i>HVL verksemdsmål:</i>		
<ul style="list-style-type: none"> <li>• HVL driv profesjons- og praksisretta forskning av høg internasjonal kvalitet i samarbeid med næringsliv og offentleg sektor</li> <li>• HVL har styrka internasjonalt samarbeid om forskning, utviklingsarbeid og innovasjon</li> </ul>		
<i>Relevante mål i utviklingsavtala:</i>		
<ul style="list-style-type: none"> <li>• HVL vil aktivt arbeide med å auke talet på tilsette med førstekompetanse, og professor og dosentkompetanse gjennom nasjonalt og internasjonalt samarbeid. Kompetanse skal byggast i samhandling med samfunnsliv, næringsliv og offentleg sektor.</li> <li>• HVL vil aktivt involvere studentane i FoU-arbeidet, auke forskingskompetansen hos våre samarbeidspartnarar og bidra til berekraftig vekst og innovasjon.</li> </ul>		
Dette må vi lukkast med (kritiske suksessfaktorar)	Overordna risiko	
<ul style="list-style-type: none"> <li>• FoU og innovasjon i samspel med samfunnet og med god studentinvolvering.</li> <li>• Profesjons- og arbeidslivsretta forskning på tvers av fagfelt.</li> <li>• Høg grad av ekstern finansiering .</li> <li>• Omfattande vitskapleg publisering av høg kvalitet.</li> <li>• Tilsette deltar i forskingsnettverk og klyngesamarbeid.</li> </ul>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Manglande internasjonalisering av verksemda.</li> <li>2. Manglande kvalitet i doktorgradsprogramma og manglande gjennomstrøyming.</li> <li>3. Utflating av vekst i delen av førstekompetanse/toppkompetanse.</li> <li>4. Manglande vekst i ekstern finansiering av forskning, innovasjon og internasjonalisering.</li> <li>5. Manglande vekst i vitskapleg publisering.</li> <li>6. Ikkje tilstrekkeleg tildelt FoU-tid.</li> </ol>	
Sentrale prioriteringar 2020	Døme på tiltak 2020	
Ha ei solid forskarutdanning og god gjennomstrøyming i ph.d.-programma.	Gjennomføre planlagt arbeidsprogram.	
Vekst i ekstern finansiering av forskning, internasjonalisering og innovasjon.	Utvikle handlingsplan for forskning og gjennomføre tiltak i samsvar med denne. Klåre krav og måltal.	
Auke i vitskapleg publisering.	Gje betre publiseringsstøtte.	
Gjennomføre internasjonaliseringsprosjektet.	Utarbeide ein handlingsplan for internasjonalisering (prosjekt), og gjennomføre tiltak i denne.	
Gjennomføre interne kompetanseutviklingsprogram.	Gjennomføre planlagde tiltak i prosjekt strategisk kompetanseutvikling.	
Rekruttering av første- og toppkompetanse i samsvar med tilsettingspolitikk.	Rekruttering i samsvar med tilsettingspolitikk	
Leggje til rette for innovasjon og at forskingsresultat blir brukt.	Utvikle handlingsplan for innovasjon og gjennomføre tiltak i samsvar med denne.	
Relevante indikatorar og parameter	Resultat	Måltal
N = nasjonale, U = utviklingsavtala, G = gevinstrealiseringsplanen	2019	2020
N Bidragsinntekter frå Forskinsrådet per fagleg årsverk (1000 kr)	44,37	48

N Tal publikasjonspoeng per fagleg årsverk		0,65
N Verdien av Horisont 2020-kontraktar per FoU-årsverk		0,30
N Prosentdel utreisande utvekslingsstudentar på Erasmus+ av totalt tal studentar	0,65	0,91
U Talet på førstekompetente, professorar og dosentar	56,2 %/14,1 %	
U Talet på internasjonale professor II-stillingar	23	
U Talet på offentlege ph.d. og nærings-ph.d.	2	
U Talet på masteroppgåver knytt til eigen forskingsaktivitet	35	
U Gjort forskinga relevant for FNs berekraftsmål		
G Vitskapeleg publisering: publikasjonspoeng per fagleg årsverk		0,65
G Bidragsinntekter frå Forskningsrådet per fagleg årsverk (1000kr)	44,37	48
G Tildeling frå EU per fagleg årsverk (1000kr)		4,80
G Tal avlagte doktorgrader	1	9
G Prosentdel internasjonalt samforfattarskap		

Tabell 22: Målbilete strategiområde 2.



**Masteroppgåve vart utgangspunkt for områdeutvikling:** Masterstudentane i Areal og eigedom, Kjersti Vistnes og Linn Rydningen, skreiv om utvikling av nærmiljøet i Mosterhamn i masteroppgåva si. Bømlo kommune jobbar vidare med ideane deira. (Foto: Privat)

### Strategiområde 3: Formidle og dele aktuell kunnskap og kompetanse

Målbilete		
<b>Sektormål:</b>		
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Effektiv, mangfaldig og solid høgare utdanningssektor og forskingssystem</li> </ul>		
<b>HVL verksemdsmål:</b>		
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Gjennom samhandling, deltaking og dialog fangar HVL opp aktuelle problemstillingar, og er ein relevant samarbeidspartner for arbeids- og samfunnsliv.</li> <li>• HVL involverer relevante brukarar i kunnskapsutvikling</li> </ul>		
<b>Relevante mål i utviklingsavtala:</b>		
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Høgskulen skal styrkje praksisnær utdanning og FoU i samarbeidsorgan, klynge- og nettverkssamarbeid og partnerskap med det regionale arbeids- og næringslivet. Entreprenørskap, tverrprofesjonell og tverrfagleg samarbeid er bærande element.</li> <li>• HVL vil stimulere til auka relevans i utdanning og forsking i samarbeid med samfunnsliv, næringsliv og offentleg sektor gjennom delte stillingar og utvikling av delte stillingar som omgrep</li> </ul>		
Dette må vi lukkast med (kritiske suksessfaktorar)		
<ul style="list-style-type: none"> <li>• HVL er ein sentral samarbeidspartner på Vestlandet.</li> <li>• Tilsette er aktive deltakarar i den offentlege debatten og er kjende for høg kompetanse på sine fagområde.</li> <li>• HVL er ein tydeleg formidlar av ny kunnskap.</li> <li>• HVL er ein attraktiv tilretteleggjar av kompetanseutvikling.</li> <li>• HVL får gjennomslag i utforming av politikk.</li> </ul>	Overordna risiko <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Usynleg høgskule både på Vestlandet og nasjonalt.</li> <li>2. Manglande forståing og samhandling internt.</li> <li>3. Manglande kjennskap til samarbeid og klynger i regionen.</li> <li>4. Manglande gevinstrealisering av regionalt samarbeid.</li> <li>5. Manglande samarbeid mellom utdanningsinstitusjonar.</li> </ol>	
Sentrale prioriteringar 2020		
Styrkje HVL som ein sentral samarbeidspartner for institusjonar og verksemder på Vestlandet.	Døme på tiltak 2020	
Fremje tilsette som er aktive deltakarar i den offentlege debatten.	Levere i samsvar med handlingsplan.	
Systematisk arbeid med eksterne samhandling og synleggjering.	Utarbeide og implementere kommunikasjonsstrategi.	
Systematisk arbeid med intern samhandling og kulturbygging.	Vidareutvikle samhandlingsportal og samarbeidsavtaler.	
Systematisk satsing på kunnskapsformidling.	Levere i samsvar med handlingsplan.	
Regional utvikling – hente ut gevinstar av eksisterande regionalt samarbeid og tenkje breiare om moglegheitene i samarbeidet med samfunns- og arbeidsliv.	Utarbeide og implementere strategi og handlingsplan for livslang læring.	
	Vidareutvikle samhandlingsportal.	
Relevante indikatorar og parameter	Resultat	Måltal
N = nasjonale, U = utviklingsavtala, G = gevinstrealiseringsplanen	2019	2020
N Andre bidrags- og oppdragsinntekter per fagleg årsverk (1000 kr)	131,77	
N Prosentdel mastergradkandidatar sysselsett i relevant arbeid eit halvt år etter fullført utdanning		
U Omfang av deltaking i klynge- og nettverkssamarbeid, partnerskap og samarbeidsorgan	80-100	
U Aktive råd for samarbeid med arbeidslivet (RSA) og utvikling av strategiske møteplassar	2 RSA + 10 strategiske	

U Kandidatar i relevant arbeid (kandidatundersøkinga)	
U Gjennomført pilot på tverrfagleg samarbeid på campus med entreprenørskap som bærande element	
U Talet på utdanningar som er utvikla eller vidareutvikla i samarbeid med arbeidslivet	
U Talet på delte stillingar med arbeidslivet	14
G Bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet faglege årsverk (1000kr)	

Tabell 23: Målbilete strategiområde 3.



**57 tilsette fekk opprykk i studieåret 2018/2019:** Eit rekordstort antal tilsette fekk opprykk på HVL i 2019. Opprykkene vart markert på Grand hotel Terminus i Bergen med middag og hilsen fra rektor Berit Rokne. (Bilete: Mauricio Pavez, HVL)

**Nye professorar:** Kjersti Alsaker, Magne Olav Mæhle, Tobba Therkildsen Sudmann, Oddvar Førland, Jeanne Helene Boge, Yngve Skjærseth Nilsen, Olav Andreas Kvitastein, Ole Andreas Brekke, Jill Loga, Oddmund Løkensgard Hoel, Helle Asgjerd Oltedal, Sissel Rosland, Marit Tjomsland, Liv Mildrid Gjernes, Eldbjørg Fossgard, Eldar Heide, Reza Arghandeh.

**Nye dosentar:** Hanne Tuntland, Arvid Karl Birkeland, Torbjørn Årethun, Idar Alfred Johannessen, Gerd Grimsæth.

**Nye førstelektorar:** Joanna Galek, Britt Viola Danielsen, Angelina Belova, Bente Kvilhaugsvik, Terje Årsvoll Olsen, Karen Johanne Ugland Vae, Kari Heggholmen, Øystein Nordvik, Magli Sofie Økland, Eva Mila Lindhardt, Tjalve Gjøstein Madsen, Modgun Ohm, Rigmor Elisabeth Davidsen Titt, Karen Vibeke Klepsvik, Trude Fosse, Inge Olav Hauge, Gro Ulland, Beate Lode, Magni Elen Hope Lossius, Olav Sande, Amir Hashemi, Runald Walter Meyer, Arjen Kraaijeveld.

**Ny førsteamanuensis:** Frode Hammersland.

**Nye doktorgradar:** Ellen Johanne Svendsbø, Anne Kristin Snibsøer, Vegard Pihl Moen, Turid Skrede, Berit Westergaard Bjørlo, Erik Eikeland, Hege Myklebust, Tine Grieg Viig, Øystein Stavø Høvig, Murugesan Rasukkannu, Arthur Uno Rognmo.

## Strategiområde 4: Bygging av institusjonen

Målbilete		
<i>Sektormål:</i>		
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Effektiv, mangfaldig og solid høgare utdanningssektor og forskingsystem.</li> </ul>		
<i>HVL verksemdsmål:</i>		
<ul style="list-style-type: none"> <li>• HVL skal vere ein berekraftig, effektiv og lærande organisasjon.</li> <li>• HVL skal ha eit godt og stimulerande arbeids- og læringsmiljø på alle campusane.</li> </ul>		
Dette må vi lukkast med (kritiske suksessfaktorar)	Overordna risiko	
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Levere i samsvar med strategiske innsatsområde for å bygge HVL som institusjon.</li> </ul>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Manglande kompetansebygging og strategisk tilsetterekruttering.</li> <li>2. Manglande organisasjonsutvikling.</li> <li>3. Manglande verktøy for digitalisering eller manglande realisering av gevinstar av verktøy.</li> <li>4. Uheldige konsekvensar for arbeidsmiljøet.</li> </ol>	
Overordna prioriteringsområde i 2020	Døme på tiltak 2020	
Kompetansebygging og strategiske tilsetterekruttering.	Gjennomføre planlagde tiltak i prosjekt strategisk kompetanseutvikling.	
Organisasjonsutvikling.	Innarbeide berekraftsmål i alle OU-tiltak. Forenkle og forbetre administrative prosessar.	
Digitalisering.	Gje "Vestlandsklassen" teknologisk støtte. Automatisere for å frigjere arbeidskraft til meir krevjande oppgåver/kreativitet.	
Arbeidsmiljø.	Førebu og gjennomføre arbeidsmiljøkartlegging. Utvikle og gjennomføre samhandlingstiltak på tvers, og internt i fakulteta/avdelingane/einingane.	
Campusutvikling.	Utvikle strategiar og planar for robuste og levande campusar.	
Relevante indikatorar og parameter	Resultat	Måltal
N = nasjonale, U = utviklingsavtala, G = gevinstrealiseringsplanen	2019	2020
N Prosentdel midlertidig tilsette i undervisning- og forskarstillingar	12,11 %	12 %
N Prosentdel kvinner i professor- og dosentstillingar	45,32 %	47 %
G Prosentdel årsverk i førstestillingar av faglege tilsette	56,2 %	59 %
G Prosentdel administrative stillingar av totalt tal årsverk		22 %

Tabell 24: Målbilete strategiområde 4.

## Budsjett 2020 med strategiske prioriteringar

Kunnskapsdepartementet løyvde 2 054 968 000 kroner, over kap. 206 post 50, til Høgskulen på Vestlandet.

Saldert budsjett for 2019 (beløp i 1 000 kroner)	1 996 909
Nye studieplassar	451
Nye rekrutteringsstillingar	1 311
Andre budsjettendringar	62 928
Resultatbasert utteljing open ramme	-4 524
Resultatbasert utteljing lukka ramme	-2 107
Tildeling 2020	2 054 968

Tabell 25: Budsjett 2020.

Hausten 2017 vedtok høgskulestyret ein ny intern budsjettfordelingsmodell som fordeler løyvinga frå KD ut i fem forskjellige modular:

- 1.Strategiske middel
- 2.Resultatfinansiering
- 3.Basisfinansiering
4. Fagleg og administrativ støtteneste
5. Felles institusjons- og infrastrukturkostnader

I budsjettet for 2020 er det gjort koplingar mellom strategiske middel og konkrete tiltak i årsplanen. Den strategiske avsetjinga er på 52,3 mill. kr.

Modul 2 og 3 blir fordelt heilt ut til fakulteta og utgjør hovuddelen av deira løyving.

<b>Eining/tiltak</b>	<b>Budsjett</b>
Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett	394 347 000
Fakultet for helse- og sosialvitskap	286 515 000
Fakultet for ingeniør- og naturvitskap	262 581 000
Fakultet for økonomi og samfunnsvitskap	99 634 000
Realbudsjettert administrasjon	313 198 000
Institusjonskostnader og ikkje fordelte middel	698 693 000
<b>Total KD-løyving (Kap 260)</b>	<b>2 054 968 000</b>

Tabell 26: Budsjett 2020 spesifisert.

Av dette er det budsjettert ca. 70 % til lønnskostnader og 30 % til driftskostnader. Av driftskostnadane utgjør husleige om lag 55 %, og er budsjettert til 387 mill.kr.

I tillegg kjem øyremerka tildelingar frå KD som blir direkte fordelte til det området dei er øyremerka til. For 2020 gjeld dette oppretting av grunnutdanning for tolking i offentleg sektor på Vestlandet, totalt 1,7 mill.kr.

Høgskulen hadde per 31.12.19 avsetjingar på 295,7 mill. kr. Store delar av dette er middel knytt til ordinær utsett verksemd. Om lag 83,3 mill. kroner er bundne middel knytt til fakulteta, og om lag 120,7 mill. kroner er øyremerka til byggjeprojekt og campusutvikling. Anna disponering blir behandla av styret i mars 2020.

### Strategiske middel

I budsjettet er det sett av 52,3 mill. kr til strategiske middel. Unyttta middel løyvd i 2019 vil bli vurdert vidareført eller omprioritert i 2020. Dei endelege rammene for dette vil bli lagt fram for styret i saka om revidert budsjett i mars. Det er viktig å balansere nokså langsiktige strategiske satsingar samtidig som midla i minst mogleg grad blir bundne opp i faste driftskostnader.

I strategien til HVL er det vedtatt fire innsatsområde for perioden. Disse er ikkje mål i seg sjølve, men kritiske suksessfaktorar for realisering av HVL sine mål. Innsatsområda er:

- Kompetansebygging
- Organisasjonsutvikling og samhandling
- Internasjonalisering
- Digitalisering

Dei strategiske midla blir i hovudsak tildelt tiltak innanfor kompetanseheving og digitalisering. Enkelte tildelingar er knytt til tiltak, mens andre er førebels meir opne. Universitetsambisjonen er høgskulen si største strategiske satsing dei neste åra. Midla skal brukast til mellom anna kompetanseheving, internasjonalisering, styrking av forskingssenter, ph.d.- programma og kvalitets- og omstillingstiltak i utdanningane. Fakulteta er tildelt om lag 30 mill. kr til denne satsinga.

Prosjekt knytt til digitalisering av fagleg og administrativ praksis er tildelt 10 mill.kr. Prosjekta blir organisert i program som ein forutset vil gå over fleire år, med universitetsambisjonen som overordna mål. Det blir foreslått tre hovudprogram, som alle har sterk kopling til HVL sin strategi for institusjonsbygging og som byggjer på ei samla vurdering av innspel frå administrative og faglege einingar. Desse tre hovudprogramma er:

1) *Fellessystem for effektiv administrativ støtte.*

- a) etablering av system for kompetanse- og -ressursforvaltning i fag og administrasjon
- b) prosjekt for fjerning av tradisjonelle administrative repetitive praksisar
- c) vidareutvikling av prosjektportal for å administrere strategiske prosjekt.

2) *Infrastruktur som endringsdrivar i undervisning og forskning.* Dette omfattar prosjekt for strømming, opptak og forvaltning av undervisningsressursar på tvers av fag og campusar, basert på eigne løysningar eller sektorløysingar.

3) *Interaksjon med arbeidsliv og praksisfelt.* Dette handlar både om etablering av ein nettportal for styrking av høgskulen sin profil som samarbeidspartner med eksisterande og nye verksemder i arbeids- og næringsliv.

## **Campusutviklingsplanar og større byggjeprojekt**

### **Campusutviklingsplan**

I HVL er campusutvikling tillagt ei vidare betyding enn handtering av byggje- og leigesaker. HVL ser fysiske campusar og relasjonane mellom dei som sentrale verkemiddel i utviklinga av kjerneoppgåvene, på lik linje med teknologival, struktur- og kulturutvikling.

Styret har dei seinare åra sikra realisering av nye bygg, med K2 i Bergen som det største, eller utvikling av eksisterande bygg i samsvar med interne behov og eksterne styringssignal, som Bragebygget i Sogndal. Framover vil dette arbeidet halde fram.

HVL legg no opp til eit breitt anlagt arbeid med campusutvikling knytt til våre faglege utviklingsmål. Det blir prioritert å ha eigen prosjektleiarressurs til dette arbeidet. Målet er å utvikle strategiar og identifisere tiltak for å vidareutvikle campusane som attraktive studiestader.

Dette arbeidet startar med ein campus – campus Stord – der vi med eit klårt tenestedesignperspektiv søkjer å identifisere og setje i verk tiltak for å styrkje studiestaden. I tillegg til det konkrete prosjektet, vil dette gi vesentlege bidrag til eit vidare arbeid med ein campusutviklingsstrategi. Styret skal handsame sak om campusutviklingsstrategi i løpet av hausten 2020.

### **Byggjeprojekt**

Sjå Anna rapportering i kapittel III.



# Kapittel VI Årsrekneskap

## *Leiarkommentarar til rekneskapen for 2019*

### **Institusjonens formål**

Høgskulen på Vestlandet (HVL) var nyoppretta frå 1.1.2017 da Høgskolen i Bergen, Høgskolen Stord/Haugesund og Høgskulen i Sogn og Fjordane fusjonerte. HVL er ein utdannings- og forskingsinstitusjon som tilbyr eit breitt tilbod av yrkesnære utdanningar gjennom produksjon og formidling av kunnskap og forskning. Høgskulen har sterke og innovative fagmiljø innan helse- og sosialfag, ingeniør- og naturvitskap, lærarutdanning, kultur og idrett samt økonomi og samfunnsvitskap. Høgskulen på Vestlandet har høge ambisjonar og vil som ein ny fleircampusinstitusjon byggje sterkare og meir solide fag- og forskingsmiljø. HVL skal sjå utdannings- og kompetansebehova i vestlandsregionen under eitt og ha stor fagleg og administrativ kraft i samhandlinga med samfunns-, arbeids- og næringsliv. Høgskulen på Vestlandet skal vere den føretrekte samarbeidspartnaren og skal setje spor i utviklinga av vestlandsregionen. Campusane er lokalisert i Førde, Sogndal, Bergen, Stord og Haugesund, og til saman har HVL om lag 16 000 studentar.

HVL har ein overordna strategi om å byggje kompetanse og kapasitet for å bli eit universitet med profesjons- og arbeidslivsretta profil, der samspel, berekraft og nyskaping står sentralt. HVL sin visjon er: Kunnskap som byggjer menneske og samfunn.

### **Rekneskapsprinsipp**

Høgskulen har gjennomført statsoppdraget innanfor dei rammer som departementet har sett for institusjonen i løyvingsbrev for 2019. Det har ikkje vore tilhøve av vesentleg verknad for høgskulen sitt resultat og økonomiske stilling etter rekneskapsperioden sin slutt. Rekneskapen er avlagt i samsvar med reglane i dei statlege rekneskapsstandardane samt rundskriv frå Finansdepartementet og krav frå overordna departement.

Leiarkommentaren er sett opp i høve dei rapporteringspunkta som er gitt av departementet i brev av 11.4.2019, 21.8.2019 og 5.12.2019. Institusjonens revisor er Riksrevisjonen.

### **Vurdering av institusjonen si drift i perioden**

2018 var eit år der dei siste organisatoriske omorganiseringane vart ferdig stilt, og 2019 er såleis det første året etter fusjonen at verksemda og dei tilsette ikkje har vore i ein omorganiseringsprosess.

Totalt har Høgskulen på Vestlandet i 2019 fått løyving på om lag 1,997 mrd. kr. I tillegg til ordinær løyving, har høgskolen fått middel til utvikling og drift av partnerskap i grunnskulelærarutdanninga på 7,25 mill. kr., 5 mill. kr. til gjennomføring av tiltak for å auke rekrutteringa av menn til GLU 1-7 samt 1,2 mill. kr. til forkurs for opptak til lærarutdanninga. I revidert nasjonalbudsjett fekk HVL også kr.219 000 til 5 nye studieplassar innan ABIOK-utdanningane (vidareutdanning i anesthesi-, barne-, intensiv-, operasjon- og kreftsjukepleie).

Høgskolen hadde per 31.12.2019 eit positivt driftsresultat på 27,7 mill. kr., mens resultatet for same periode i 2019 var 29 mill. kr. Resultatet i forhold til løyving er redusert frå 1,5 % i 2018 til 1,4 % i 2019.

Nedgangen i driftsresultat skuldast blant anna at høgskulen i 2019 fekk færre tilleggsloyvingar og blant anna ikkje Saks-loyving som dei føregåande åra, samt at dei planlagde ombyggingane på Bragebygget (gymnasbygget i Sogndal) innvendig har vorte ferdig stilt og kostnadsbelasta i rekneskapen. Det at det framleis er eit positivt driftsresultatet skuldast blant anna at høgskulen fekk fleire løyvingar på slutten av 2019 der aktiviteten knytt

til desse enno ikkje er sett i verk, samt at arbeid med nybygget Kronstad 2 ikkje er ferdig stilt og lite har vorte kostnadsbelasta i rekneskapen i 2019.

Av totale inntekter utgjer løyving frå KD 88,6 % av inntektene, tilskot/overføringar frå andre utgjer 7,9 % og 3,3 % er sals- og leigeinntekter. Inntektssida i høve same tidspunkt i fjor har auka med 4,9 %, der inntekta frå tilskot og overføringar frå andre samt sals- og leigeinntekter prosentvis har auka mest, sjølv om inntekt frå løyvingar har auka mest i kroner. Inntekt frå tilskot og overføringar har auka med 34,4 %, og sals- og leigeinntekter har auka med 31,9 %.

	<b>2018</b>	<b>2019</b>	<b>Endring i %</b>
Inntekt frå løyving	1 951 016	1 996 574	2,34 %
Tilskot og overføringar frå andre	132 730	178 375	34,39 %
Sals- og leigeinntekter	56 733	74 816	31,87 %
Andre driftsinntekter	7 074	2 921	-58,71 %
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>2 147 554</b>	<b>2 252 686</b>	<b>4,90 %</b>

Tabell 27 Inntektsfordeling

*Totale driftskostnader* utgjer 2,2 mrd. kr., og dette utgjer ein auke på om lag 5 % i høve same periode i fjor.

*Løn- og sosiale kostnader* har auka med 5,3 % og utgjer 64,3 % av dei totale driftskostnadene, noko som er ein liten auke samanlikna med 2018 (64,2 %).

*Andre driftskostnader* har auka med 5,5 % i høve same periode i 2018. Dei samla husleigekostnadane har auka med 2,5 % i perioden, frå om lag 343,8 mill. kr. i 2018 til om lag 352,5 mill. kr. i 2019. Husleigekostnadene utgjer no om lag 17,7 % av løyvinga.

	<b>2018</b>	<b>2019</b>	<b>Endring i %</b>
Løn og sosiale kostnader	1 359 144	1 431 123	5,30 %
Andre driftskostnader	704 800	743 234	5,45 %
Avskrivningar	54 516	50 399	-7,55 %
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>2 118 460</b>	<b>2 224 756</b>	<b>5,02 %</b>

Tabell 28 Driftskostnader

*Den eksterne omsetjinga* (her: all inntekt unntatt løyving frå departement) er på om lag 256 mill. kr, noko som er ein auke på om lag 59,5 mill. kr. samanlikna med 2018. Denne auken skuldast i all hovudsak at HVL har avslutta gamle prosjekt. Auken må ses på som ekstraordinær og ikkje noko som vil vare ved.

	<b>2018</b>	<b>2019</b>	<b>Endring i %</b>
1. Tilskot og overføringar frå andre statlege etatar	64 381	88 950	38,16 %
2. NFR	43 608	47 503	8,93 %
3. Gåver	6 606	7 747	17,27 %
4. Tilskot til annan bidragsfinansiert aktivitet	14 917	27 251	82,68 %
5. Tilskot/overføring frå EU	3 218	6 884	113,92 %
6. Oppdrags- sals- og leigeinntekter	56 733	74 816	31,87 %
7. Andre driftsinntekter	7 074	2 921	-58,71 %
<b>SUM</b>	<b>196 537</b>	<b>256 072</b>	<b>30,29 %</b>

Tabell 29 Ekstern omsetning (eks løyvingar frå KD) ref. note 1

Den samla bidrags- og oppdragsfinansierte verksemda (BOA) utgjer totalt 244 mill. kr., som er ein auke på om lag 68 mill. kr. samanlikna med 2018 (176 mill. kr.). Av den samla BOA-verksemda, utgjorde oppdragsverksemda om lag 65 mill. kr, noko som er ein auke på om lag 23,2 mill. kr. samanlikna med 2018.

Overskotet frå oppdragsverksemda er overført til verksemdskapitalen og var i 2019 på om lag 14,6 mill. kr. mot 5,7 mill. kr. i 2018. Auken i både samla BOA-verksemd og overskot skuldast i hovudsak at høgskulen i 2019 avslutta fleire prosjekt med ekstra høge overskot, i tillegg til at ekstraordinært mange gamle prosjekt vart avslutta. Auken i BOA-aktivitet viser derfor ikkje eit generelt høgare aktivitetsnivå.

Det vart i 2019 kjøpt aksjar for kr 45 000 i Energilab Sogn og Fjordane som vart belasta verksemdskapitalen. Aksjonæravtala er inngått mellom HVL, Vestland fylkeskommune og Sunnfjord kommune, og Energilab Sogn og Fjordane skal eige utstyr og drifte felles laboratorium.

Total opptent verksemdskapital utgjorde 83,7 mill. kr. per 31.12.19, noko som er om lag 7,1 % av totalkapitalen.

Innskotet i statens konsernkonto er auka med om lag 67,7 mill. kr. sidan 31.12.2018, og bankinnskotet utgjorde 832,9 mill. kr. ved periodens slutt. Denne auken skuldast i stor grad eit høgare nivå på ikkje inntektsførte inntekter samt høgare avsetningar enn i 2018. Likviditetsgraden (omløpsmiddel/kortsiktig gjeld) var på 1,68 i 2019 mot 1,79 i 2018.

Det er elles berre mindre avvik i høve balansepostane i rekneskapen.

Endringane i avrekninga av den løyvingfinansierte verksemda vil bli kommentert i eit eige punkt.

### **Vesentlege avvik mellom periodisert resultatbudsjett og resultatrekneskap**

Høgskulen hadde budsjettert med eit ordinært driftsresultat for 2019 på om lag 20,4 mill. kr., mens resultatet vart om lag kr 43,8 mill. kr. Dette skuldast i stor grad at ein større del av kostnadene med det nye bygget på Kronstad ikkje vil bli belasta før 2020, samt at høgskulen har hatt ekstraordinært høge inntekter knytt til den eksterne delen av verksemda. Høgskulen har også mottatt fleire ekstra løyvingar i slutten av 2019, og aktiviteten vil vere delvis forskyvd inn i 2020.

### Utvikling i avsett del av tilskot til løyingsfinansiert verksemd

Ved utgangen av 2019 har HVL kr 295,7 mill. kr. i avsette middel av KD-tildelinga. Ved årsskifte i 2018 hadde høgskulen ei avsetning på 282,6 mill. kr., noko som gir ein auke på 13,1 mill. kr. Avsetningsnivået for 2019 utgjer 14,8 % av den totale inntektsførte løyvinga.

	2018	2019
I tusen kroner	282 595	295 704
I % av totale KD løyvingar i perioden	14,48 %	14,81 %

Tabell 30 Avsett del av løyingsfinansiert aktivitet

Avsetningsnivået er framleis noko høgt, men ser ein bort frå avsetningane til nybygget Kronstad 2, (om lag 82,5 mill. kr.), avsetningane knytt til kommande investeringar på dykkarutdanninga (21 mill. kr.) og avsetningane knytt til den nye grunnskulelærerutdanninga (30,7 mill. kr), utgjer avsetninga 8,1 % av løyvinga for 2019. I tillegg til dei allereie avsette midla til Kronstad 2, vil det vere behov å dekke meirkostnader til doble husleiger av avsetningane. Det er i tillegg avsett om lag 38,2 mill. kr. til campusutviklingsfond, da det er behov for oppgradering av eksisterande bygg og eit auka behov for lokale ved alle campusar, og delar av desse midla vil også bli nytta i 2020.

Eit noko høgt avsetningsnivå er no naudsynt ut frå framtidig investeringsbehov i nye bygg og høgskulen sin satsing mot universitetsstatus, i tillegg til at finansiering av det 5. året på den nye lærarutdanninga framleis er uavklara. Styret vil ha ein gjennomgang av avsetningane i styresak om revidert budsjett for 2020 i mars.

### Gjennomførte investeringar i perioden og planlagde investeringar i seinare periodar

Høgskulen har i 2018 hatt totale investeringskostnader på om lag 70,5 mill. kr. (51,5 mill. kr i 2018). Dei største investeringane som er utført er i samband med det utvendige arealet knytt til Bragebygget, faste installasjonar til det nye bygget på Kronstad, inventar samt oppgraderingar innan IT og nettverkskomponentar blant anna i samband med høgskulen si satsing på digitalisering og effektivisering. Det er forventa ein vidare auke i investeringar i samband med ferdigstillinga av det nye bygget på Kronstad i 2020. Det vil også vere behov for reinvesteringar av eldre eksisterande utstyr. Avskrivningane i perioden var på om lag 50,4 mill. kr.

Rehabilitering og ombygging av Bragebygget er ferdig, og det vart offisielt opna 30. januar 2019. Bygginga av det nye kulantbygget på Kronstad i Bergen er godt i gang, og planlagd innflytting blir før studiestart hausten 2020.

### Trender og utvikling i inntekter og sentrale kostnader

Høgskulen er framleis ein ny institusjon, og det vil ta tid for organisasjonen å komme heilt på plass. Det må jobbast vidare med å samkøyre utdanningane, og eit prosjekt knytt til universitetsambisjonen er no godt i gang med arbeidet fram mot innsending av universitetssøknad. Budsjettsituasjonen i framtida vil vere utfordrande, og leiinga vil ha merksemd på at ambisjonsnivået i både strategisk plan og i utviklingsavtala skal vere i tråd med inntektsnivået. Kostnadsnivået, spesielt det som gjeld varige faste kostnader, må vidare stabiliserast i høve framtidige inntekter for å kunne oppretthalde eit framtidig handlingsrom, ref. universitetsambisjonen og dei auka husleigekostnadene som kjem som følge av dei nye lokala som er overtatt og tatt i bruk, og dei som er planlagd. Auka innsats for å skaffe inntekter ut over statstilskotet vil og vere strategisk avgjerande for at høgskulen skal ha handlingsrom til å gjennomføre dei overordna målsettingane over tid.

Tal på tilsette har i 2019 auka med 33 årsverk, frå 1 683 per 31.12.18 til 1 716 per 31.12.19, som er ein auke på 2 %. Auka tal på tilsette medfører ein heilårseffekt inn i 2020.

Styringsmessig er det derfor viktig å balansere drifta vidare, noko som må ha ekstra fokus med dei forpliktingane og ambisjonane HVL har.

Studentdata for vårsemesteret 2019 viser ein reduksjon på 70 60-studiepoengeiningar i studiepoengproduksjon samanlikna med 2018 (data for haustsemesteret 2019 er ikkje publisert enno). Det er ikkje forventa ein vidare nedgang i produserte studiepoengeiningar, men om det ikkje er auke i studiepoengproduksjonen hausten 2019, vil ein slik samla nedgang for 2019 gi ei negativ utteljing i løyvinga for 2021.

Høgskulen sin økonomiske stilling er framleis solid, og både avsetningane og likviditeten er på eit tilfredsstillande nivå, men ressurskrevjande strategiske prioriteringar gjer det viktig med stram ressursstyring framover. Dette spesielt med tanke på nye lokale med høge kostnader i høve inventar, innreiing og auka husleige, i tillegg til behov for intern kompetanseheving og drift av ph.d.-utdanningane i samband med universitetsambisjonen.

Faste kostnader aukar, noko som kan gjere det nødvendige omstillingsarbeidet utfordrande for å tilpasse aktivitetar til framtidige rammer.

Det blir elles vist til årsrapporten for 2019-2020 og rekneskapen for 2019 med tilhøyrande noter.

Stord 11.03.2020

A. Hallén

Ragnar Gjengedal

Trond Ueland

Kristin Almyr

Tore Sigurdal

Thomas Rute

Cecilie Fredheim

Hege Ueland

Andreas Rute

(for Trond Ueland)

Arvid Rute

Gunnar Myrli

Årsrekneskap  
2019  
for  
Høgskulen på  
Vestlandet

## Prinsippnote - SRS

### Generelle regnskapsprinsipper

Regnskapet er utarbeidet og avlagt i samsvar med de Statlige Regnskapsstandardene (SRS) og etter de nærmere retningslinjene som er fastsatt for forvaltningsorganer med fullmakt til bruttoføring utenfor statsregnskapet i Bestemmelser om økonomistyringen i staten av 12. desember 2003 med endringer, senest 5. november 2015. Regnskapet er avlagt i henhold til punkt 3.4 i Bestemmelser om økonomistyringen i staten og retningslinjene i punkt 6 i Finansdepartementets rundskriv R-115 med Kunnskapsdepartementets tilpasninger for universitets- og høyskolesektoren. Alle regnskapstall er oppgitt i 1000 kroner dersom ikke annet er særskilt opplyst.

### Anvendte regnskapsprinsipper

#### Inntekter

Tildelinger uten motytelse eller med utsatt motytelse er behandlet etter bestemmelsene i SRS 10 og sammenstilt med de tilsvarende kostnadene (motsatt sammenstilling). Ordinære driftsbevilgninger fra Kunnskapsdepartementet er med mindre annet ikke er særskilt angitt, å anse som opptjent på balansedagen. Dette innebærer at slike bevilgninger fra Kunnskapsdepartementet er presentert i regnskapet i den perioden midlene er bevilget. Bevilgninger til ordinær drift som ikke er benyttet på balansedagen, er klassifisert som forpliktelse og ført opp i avsnitt C II Avregninger i del C Statens kapital i balanseoppstillingen. Bevilgninger som gjelder særskilte tiltak og som ikke er benyttet på balansedagen, er klassifisert som forpliktelse og presentert i avsnitt C IV i balanseoppstillingen. Dette gjelder også bevilgningsfinansiert aktivitet hvor det er dokumentert at midlene av bevilgende myndighet er forutsatt benyttet i senere terminer. Bidrag og tilskudd fra statlige etater og tilskudd fra Norges forskningsråd samt bidrag og tilskudd fra andre som ikke er benyttet på balansedagen er klassifisert som forskudd og presentert som ikke inntektsførte bidrag i avsnitt D III Kortsiktig gjeld i balanseoppstillingen. Tilsvarende gjelder for gaver og gaveforsterkninger.

Inntekter som forutsetter en motytelse er behandlet etter bestemmelsene i SRS 9 og er resultatført i den perioden rettigheten til inntekten er opptjent. Slike inntekter måles til verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet. Inntekter fra salg av tjenester anses som opptjent på det tidspunktet krav om vederlag oppstår.

#### Kostnader

Kostnader ved virksomhet som er finansiert av bevilgninger eller midler som skal behandles tilsvarende, er resultatført i den perioden kostnaden er pådratt eller når det er identifisert en forpliktelse.

Kostnader som vedrører transaksjonsbaserte inntekter er sammenstilt med de tilsvarende inntekter og kostnadsført i samme periode. Prosjekter innen oppdragsvirksomhet er behandlet etter metoden løpende avregning uten fortjeneste. Fullføringsgraden er målt som forholdet mellom påløpte kostnader og totalt estimerte kontraktskostnader.

#### Tap

Det er ikke foretatt en generell vurdering knyttet til latente tap i aktive oppdragsprosjekter. Eventuelle tap konstateres først ved avslutning av prosjektet og er som hovedregel kostnadsført når en eventuell underdekning i prosjektet er endelig konstatert. For aktive prosjekter hvor det er konstatert sannsynlig tap, er det avsatt for latente tap.

#### Omløpsmidler og kortsiktig gjeld

Omløpsmidler og kortsiktig gjeld omfatter poster som forfaller til betaling innen ett år etter anskaffelsestidspunktet, samt poster som knytter seg til varekretsløpet. Øvrige poster er klassifisert som anleggsmiddel/langsiktig gjeld. Fordringer er klassifisert som omløpsmidler hvis de skal tilbakebetales i løpet av ett år etter utbetalingstidspunktet.

Omløpsmidler er vurdert til det laveste av anskaffelseskost og virkelig verdi. Kortsiktig gjeld balanseføres til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

#### Aksjer og andre finansielle eiendeler

Aksjer og andre finansielle eiendeler er balanseført til historisk anskaffelseskost på transaksjonstidspunktet. Aksjer og andeler som er anskaffet med dekning i bevilgning over 90-post og aksjer anskaffet før 1. januar 2003 og som ble overført fra gruppe 1 til gruppe 2 fra 1. januar 2009, har motpost i *Innskutt virksomhetskapital*. Aksjer og andeler som er finansiert av overskudd av eksternt finansiert oppdragsaktivitet, har motpost i *Opptjent virksomhetskapital*. Dette gjelder både langsiktige og kortsiktige investeringer. Mottatt utbytte og andre utdelinger er inntektsført som annen finansinntekt. Når verdifallet ikke er forventet å være forbigående, er det foretatt nedskrivning til virkelig verdi.

#### *Varige driftsmidler*

Varige driftsmidler er vurdert til anskaffelseskost og avskrives over driftsmidlets forventede levetid, men nedskrives til virkelig verdi ved verdifall som ikke forventes å være forbigående. Varig driftsmidler balanseføres med motpost *Statens finansiering av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler*.

Forpliktelsen som etableres på investeringstidspunktet oppløses i takt med avskrivningene og utligner dermed resultatvirkningen av avskrivningene.

Ved realisasjon/avgang av driftsmidler resultatføres regnskapsmessig gevinst/tap. Gevinst/tap beregnes som forskjellen mellom salgsvederlaget og balanseført verdi på realisasjonstidspunktet. Resterende bokført verdi av *forpliktelse* knyttet til anleggsmiddelet på realisasjonstidspunktet er vist som *Utsatt inntekt fra forpliktelse knyttet til investeringer, bokført verdi avhendede anleggsmidler* i note 1.

For eiendeler som inngår i åpningsbalansen er bruksverdi basert på gjenanskaffelsesverdi lagt til grunn for verdifastsettelsen, mens virkelig verdi benyttes når det gjelder finansielle eiendeler. Ved fastsettelse av gjenanskaffelsesverdi er det tatt hensyn til slit og elde, teknisk funksjonell standard og andre forhold av betydning for verdifastsettelsen. For tomter, bygninger, infrastruktur er gjenanskaffelsesverdien dels basert på estimer utarbeidet og dokumentert av virksomheten selv, og dels på kvalitetssikring fra og verddivurderinger utarbeidet av uavhengige tekniske miljøer. Verdi knyttet til nasjonaleiendom og kulturminner, samt kunst og bøker er i utgangspunktet ikke inkludert i åpningsbalansen. Slike eiendeler er inkludert i den grad det foreligger en reell bruksverdi for virksomheten. Finansieringen av varige driftsmidler, som er inkludert i åpningsbalansen for første gang, er klassifisert som en langsiktig forpliktelse. Denne forpliktelsen løses opp i takt med avskrivningen på de anleggsmidler som finansieringen dekker.

For omløpsmidler, kortsiktig gjeld samt eventuelle øvrige forpliktelser som inkluderes i åpningsbalansen, er virkelig verdi benyttet som grunnlag for verdifastsettelsen.

#### *Immaterielle eiendeler*

Eksternt innkjøpte immaterielle eiendeler er vurdert til anskaffelseskost og avskrives over driftsmidlets forventede levetid, men nedskrives til virkelig verdi ved verdifall som ikke forventes å være forbigående. Immaterielle eiendeler er balanseført med motpost *Statens finansiering av immaterielle eiendeler og varige driftsmidler*.

Forpliktelsen som etableres på investeringstidspunktet oppløses i takt med avskrivningene og utligner dermed resultatvirkningen av

#### *Varebeholdninger*

Lager av innkjøpte varer er verdsatt til laveste av anskaffelseskost og virkelig verdi. Egentilvirkede ferdigvarer og varer under tilvirkning er vurdert til full tilvirkningskost. Det er foretatt nedskrivning for påregnelig ukurans.

#### *Fordringer*

Kundefordringer og andre fordringer er oppført i balansen til pålydende etter fradrag for avsetning til forventet tap. Avsetning til tap er gjort på grunnlag av individuelle vurderinger av de enkelte fordringene. I tillegg er det for kundefordringer gjort en uspesifisert avsetning for å dekke antatt tap.

#### *Internhandel*

Alle vesentlige interne transaksjoner og mellomværender innen virksomheten er eliminert i regnskapet.

#### *Pensjoner*

De ansatte er tilknyttet Statens Pensjonskasse (SPK). Det er lagt til grunn en forenklet regnskapsmessig tilnærming, og det er ikke foretatt beregning eller avsetning for eventuell over- eller underdekning i pensjonsordningen. Årets pensjonskostnad tilsvarer årlig premie til SPK.

#### *Valuta*

Pengeposter i utenlandsk valuta er vurdert etter kursen ved regnskapsårets slutt.

#### *Virksomhetskapi tal*

Universiteter og høyskoler kan bare opptjene virksomhetskapi tal innenfor sin oppdragsvirksomhet. Deler av de midlene som opptjenes innenfor oppdragsvirksomhet kan føres tilbake til og inngå i virksomhetens tilgjengelige midler til dekning av drift, anskaffelser eller andre forhold innenfor formålet til institusjonen. Midler som gjennom interne disponeringer er øremerket slike formål, er klassifisert som virksomhetskapi tal ved enhetene.

#### *Kontantstrøm*

Kontantstrømoppstillingen er utarbeidet etter den *direkte* metode tilpasset statlige virksomheter.

#### *Kontoplan*

Standard kontoplan og Kunnskapsdepartementets anbefalte føringskontoplan for virksomheter i universitets- og høyskolesektoren er lagt til grunn.

#### *Selvassurandørprinsipp*

Staten er selvassurandør. Det er følgelig ikke inkludert poster i balanse eller resultatregnskap som søker å reflektere alternative netto forsikringskostnader eller forpliktelser.

#### *Statens konsernkontoordning*

Statlige virksomheter omfattes av statens konsernkontoordning. Konsernkontoordningen innebærer at alle bankinnskudd/utbetalinger daglig



## Resultatregnskap

Virksomhet: Høgskulen på Vestlandet

Org.nr: 917641404

Beløp i 1000 kroner

	Note	31.12.2019	31.12.2018	Referanse
<b>Driftsinntekter</b>				
Inntekt fra bevilgninger	1	1 996 574	1 951 016	RE.1
Inntekt fra tilskudd og overføringer	1	178 375	132 730	RE.3
Inntekt fra gebyrer	1	0	0	RE.2
Salgs- og leieinntekter	1	74 816	56 733	RE.5
Andre driftsinntekter	1	2 921	7 074	RE.6
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b>2 252 686</b>	<b>2 147 554</b>	RE.7
<b>Driftskostnader</b>				
Varekostnader		0	0	RE.9
Lønnskostnader	2	1 431 123	1 359 144	RE.8
Avskrivninger på varige driftsmidler og immaterielle eiendeler	4,5	50 399	54 516	RE.12
Nedskrivninger av varige driftsmidler og immaterielle eiendeler	4,5	0	0	RE.13
Andre driftskostnader	3	743 234	704 800	RE.10
<b>Sum driftskostnader</b>		<b>2 224 756</b>	<b>2 118 460</b>	RE.14
<b>Driftsresultat</b>		<b>27 930</b>	<b>29 094</b>	RE.15
<b>Finansinntekter og finanskostnader</b>				
Finansinntekter	6	8	1	RE.16
Finanskostnader	6	216	119	RE.17
<b>Sum finansinntekter og finanskostnader</b>		<b>-208</b>	<b>-118</b>	RE.18
<b>Resultat av periodens aktiviteter</b>		<b>27 722</b>	<b>28 975</b>	RE.21
<b>Avregninger og disponeringer</b>				
Avregning med statskassen (bruttobudsjetterte)	7	0	0	RE.22
Avregning bevilgningsfinansiert aktivitet (nettobudsjetterte)	15 I	-13 109	-23 297	RE.23
Disponering av periodens resultat (til virksomhetskapital)	8	-14 612	-5 678	RE.26
